



DET KONGELEGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Meld. St. 34

(2011–2012)

Melding til Stortinget

Nordisk samarbeid



Innhald

1	Innleiing	5	5.3	Miljø	26
			5.4	Nærings-, energi- og regionalpolitikk	27
2	Aktuelle saker	7		Barn og ungdom	38
2.1	Velferdsstaten i eit nordisk perspektiv	7	5.5	Jord- og skogbruk	29
2.2	Prioriteringsbudsjettet	7	5.6	Økonomi- og finanspolitikk	29
2.3	Grensehinder	8	5.7	Sosial og helse	30
			5.8	Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø ..	33
3	Nordens naboar	11	5.9	Ernæring og mattryggleik	35
3.1	Nærområdesamarbeidet	11	5.10	Likestilling mellom kjønna	35
3.2	Nordleg dimensjon	12	5.11	Justissektoren	36
3.3	Austersjørådet	13	5.12	Flyktningar og migrasjon	37
3.4	Barentsrådet	14	5.13	Administrasjon og forvaltning	37
3.5	Arktisk råd	15	5.14	Fiskeri og fangst	27
			5.15	Frivillig sektor	38
4	Utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid ...	16	5.16	Forbrukarpolitikk	38
4.1	Nordisk samarbeid – ein integrert del av europapolitikken	16	5.17	Samferdsel	39
4.2	Det utanrikspolitiske samarbeid, oppfølging av Stoltenberg-rapporten	18	5.18	Samar og nasjonale minoritetar	41
4.3	Utanrikshandel	19	5.19	Nordisk strategi for berekraftig utvikling	41
4.4	Forsvar	20	5.20		
4.5	Utviklingssamarbeid	21		Vedlegg	
5	Fagleg samarbeid i ministerrådet	23	1	Samanstilling av budsjetta for 2013 og 2012	43
5.1	Kultur	23	2	Forslag fremja under debatten om grensehinder i Stortinget 24.4.2012	44
5.2	Utdanning og forskning	24	3	Nordisk samarbeid. Nettstader	45
			4	Forkortingsregister.....	46



DET KONGELEGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Meld. St. 34

(2011–2012)

Melding til Stortinget

Nordisk samarbeid

*Tilråding frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet 28. september 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Det nordiske samarbeidet står i dag sterkare enn nokon gong tidlegare. Det vert retta stor merksemd mot mange samarbeidsområde innanfor Nordisk ministerråd og det utanriks- og tryggingsspolitiske samarbeidet. Ved å byggje vidare på dei godt etablerte strukturane og samarbeidsformene kan ein få betre resultat for det enkelte nordiske landet og for Norden samla sett, både i europeisk og i internasjonal samanheng.

Nordisk samarbeid har i aukande grad vorte ein integrert del av europapolitikken, både politisk og strategisk. Dette gjeld særleg på område der dei nordiske landa har samanfallande interesser. Den europeiske integrasjonsprosessen har vorte ei felles ramme for politikk- og regelverksutviklinga i dei nordiske landa. Først og fremst gjeld dette på område som fell inn under EØS-avtalen, mellom anna nedbygging og avvikling av grensehinder, arbeidsliv, velferd, likestilling, miljø og klima. Også det nordiske samarbeidet om visumhandtering, konsulære saker og politisamarbeid er styrkt og vidareutvikla. Slik har det nordiske samarbeidet innanfor EU/EØS vorte eit av dei viktigaste nordiske samarbeidsinstrumenta sidan Helsingforsavtalen vart etablert for 50 år sidan.

Noreg har formannskapen i Nordisk ministerråd i 2012 og har valt å setje fokus på ein berekraftig velferdsstat i eit nordisk perspektiv. Velferdsstaten er under press i Norden som følge av den økonomiske krisa i Europa. Helse og velferd, og nordisk kunnskapssatsing som sikrar relevant kompetanse i velferdsyrka i Norden, er difor løfta høgt opp under den norske formannskapen. Kultur- og språkfelleskapen i Norden dannar eit godt grunnlag for å samarbeide om felles utfordringar. I tillegg legg Noreg stor vekt på samarbeidsområde som grensehinder, kultur og nordisk språkforståing. Grøn vekst og klima er viktige prioriteringar som vert ført vidare frå dei føregåande danske og finske formannskapa.

Under formannskapen i det uformelle nordiske samarbeidet på det utanriks- og tryggingsspolitiske området står oppfølginga av Stoltenberg-rapporten sentralt.

Prinsippa i Helsingforsavtalen står fast, noko som inneber at nordiske borgarar skal kunne reise fritt over grensene, og næringsliv, arbeidstakarar og arbeidsgjevarar må ha gode føresetnader for grenseoverskridande verksemd. Arbeidet med å løyse grensehinder har difor fått høg prioritet under den

norske formannskapen. Målet er at mobiliteten over grensene skal vere så problemfri som mogeleg.

Nordisk ministerråd legg stor vekt på samarbeidet med nabolanda til Norden. Det går føre seg eit arbeid for å sjå på det framtidige samarbeidet mellom ministerrådet og naboområde i aust etter 2013. Det er òg utvikla eit nært samarbeid med andre regionale råd, som Barentsrådet, Austersjørådet og Arktisk råd. Den nordlege dimensjonen er eit viktig forum for eit sterkare nordisk samarbeid med Nordvest-Russland.

Globaliseringsinitiativet, som vart lansert i 2007, vert avslutta i 2012. Til saman er 22 globaliseringsinitiativ starta sidan 2008. Under det nordiske toppforskningsinitiativet (TFI) innanfor klima, energi og miljø har det vorte sett i gang i overkant av 30 prosjekt til ein samla verdi av ca. 700 millionar kroner.

Det er viktig at det nordiske samarbeidet endrar seg i takt med tida og utfordringane landa står overfor. Den norske formannskapen ønskjer å bidra til ytterlegare effektivisering og fokusering av det formelle regjeringssamarbeidet. Samtidig som dei fleste globaliseringsinitiativa vert avvikla i 2012 og i 2013, vert det difor etablert eit prioriteringsbudsjett som skal gje rom for politisk initierte prosjekt og gje større fleksibilitet.

Dei nordiske statsministrane har teke initiativ til eit tettare samarbeid og felles løysingar innanfor sentrale område som grøn vekst og helse. I dei ulike fagsektorane vert det i løpet av 2012 retta spesiell merksemd mot politiske prioriteringar for den norske formannskapen.

Organisering av det nordiske samarbeidet

Statsministrane

Statsministrane har det overordna ansvaret for det nordiske regjeringssamarbeidet og har regelmessige nordiske møte i tillegg til den kontinuerlege kontakten om nordiske og internasjonale spørsmål. Statsministrane møttest mellom anna i samband med Nordisk råds sesjon i København i november 2011, og i denne samanhengen var det òg møte med Nordisk råds presidium og med representantar for dei sjølvstyrte områda. Noreg var vertskap for sommarmøtet i Nord-Noreg i juni 2012. Neste statsministtermøte finn stad i samband med Nordisk råds sesjon i Helsingfors 30. oktober 1. november 2012.

Samarbeidsministrane, budsjett og administrasjon

Samarbeidsministrane møttest som regel fire gonger i året. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjemi-

nister Rigmor Aasrud har vore nordisk samarbeidsminister sidan oktober 2009 og leier den norske formannskapen. Samarbeidsministeren legg stor vekt på å ha eit godt samarbeid med Nordisk råd.

Samarbeidsministrane koordinerer det nordiske regjeringssamarbeidet. Eit viktig ansvarsområde er ministerrådsbudsjettet og økonomistyring. Budsjettet til Nordisk ministerråd for 2012 var på 961 millionar danske kroner og vart vedteke i semje med Nordisk råd. Den norske delen er 29,17 prosent, basert på ein fordelingsnøkkel som vert rekna ut med utgangspunkt i delen dei respektive landa har av den samla nordiske bruttonasjonalinntekta. For 2013 har generalsekretæren føreslått ei reell vidareføring av 2012-budsjettet. Det norske bidraget vert truleg noko høgare enn i 2012, men vert først justert seint på hausten 2012. Budsjettet skal vedtakast av samarbeidsministrane i slutten av oktober 2012.

Samarbeidsministrane har ansvaret for det fortløpande arbeidet, medan generalsekretæren i Nordisk ministerråd skal koordinere og førebu den konkrete innsatsen. Den nye generalsekretæren skal byrje i 2013 og avløyse Halldór Ásgrímsson, som har hatt stillinga i seks år.

Stillinga til dei sjølvstyrte områda i det nordiske samarbeidet

Ålandsdokumentet av 2007 inneber at dei sjølvstyrte områda på visse område vert likestilte med dei nordiske landa når det gjeld arbeidet i Nordisk ministerråd. Helsingforsavtalen vart ikkje endra, men vert tolka slik at sjølvstyre, landsstyre og landskapsregjering, innanfor ramma av den kompetansen dei har, får rett til å vere adressatar for og kan svare på tilrådingar og spørsmål frå Nordisk råd. Dei sjølvstyrte områda kan leie ministermøte, embetsmannskomitear og arbeidsgrupper. Ålandsdokumentet gjev dei sjølvstyrte områda rett til å søkje om full medlemskap i nordiske institusjonar og samarbeidsorgan dersom området har ei «særskilt og påviseleg interesse» for institusjonen.

Innhald

Meldinga orienterer i kapittel 2 om aktuelle saker i det nordiske samarbeidet, og den norske formannskapen er hovudsaka. Kapittel 3 omhandlar samarbeidet med nabolanda og dei andre regionale råda, medan kapittel 4 orienterer om nordisk utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid. Kapittel 5 omtalar det faglege samarbeidet i ministerrådet og korleis formannskapen vert følgd opp i dei ulike sektorane.

2 Aktuelle saker

2.1 Velferdsstaten i eit nordisk perspektiv

Noreg har i formannskapsperioden valt å setje søkjelyset på velferdsstaten. Velferdsstaten er under press som følgje av den økonomiske krisa i Europa. Dei nordiske landa bør søkje å møte utfordringane saman og vidareutvikle samarbeidet. Det vert sett på korleis velferdsstaten fungerer, og korleis det offentlege kan løyse oppgåvene sine meir effektivt. Dette omfattar òg samarbeidet mellom det offentlege og partane i arbeidslivet, i tillegg til frivillig sektor, for å fremje viktige fellesskapsløysingar.

Arbeid og berekraftig utvikling høyrer saman. Det er viktig å oppretthalde ei høg sysselsetjing for å sikre at alle får ta del i velstandsutviklinga. Fleire større arrangement som handlar om utfordringane knytte til fråfall frå utdanning og arbeidsløyse blant ungdom, skal arrangerast hausten 2012. Her vil samarbeidsministeren og andre ministrar delta. Satsing på eit likestilt samfunn der kvinner deltek på lik linje med menn, er ei sentral kraft i ein berekraftig velferdsstat.

Den norske formannskapen ønskjer å bidra til at Norden held fram å vere ein føregangsregion. Dette gjeld ikkje minst grøn vekst, som inneber at økonomisk vekst og utvikling skjer innanfor tålegrensene til naturen. Dert vert retta særskilt merksemd mot samspelet mellom utdanning, forskning og innovasjon og mellom grøn vekst og berekraftige helse- og velferdsordningar.

På sommarmøtet statsministrane heldt i Lofoten i juni 2012, fremja Noreg tre konkrete forslag til eit styrkt samarbeid på helseområdet. Dette gjeld eit prosjekt om utprøving av nye behandlingsmetodar og legemiddel, samarbeid innanfor høgspesialisert medisin og forskning på helse og velferd. Målet er å forsterke og utvide det gode nordiske samarbeidet innanfor helse, for på sikt å gje betre kvalitet for pasientar og pasienttryggleik.

Eit anna område som statsministrane har lagt vekt på, er grøn vekst. Det vert arbeidd vidare

med dei åtte forslaga frå ei fellesnordisk arbeidsgruppe frå 2011, m.a. om grøne tekniske normer og standardar for bygningar og ulike produkttypar og om grøne offentlege innkjøp.

Nordisk ministerråd må heile tida tilpasse seg samfunnsutviklinga. Noreg har i 2012 søkt å bidra til denne prosessen i nært samarbeid med Nordisk råd. Endringane må sjåast i samanheng med at det framleis er behov for eit breitt folkeleg engasjement for det nordiske samarbeidet.

2.2 Prioriteringsbudsjettet

Samarbeidsministrane har under den norske formannskapen vedteke ei endring i budsjettet som inneber at det vert sett av ein pott til særskilde prioriteringsområde for ein avgrensa periode. Prioriteringsbudsjettet skal etablerast frå og med 2013. Føremålet er å gje rom for politiske initiativ frå landa og gjere arbeidet i Nordisk ministerråd meir fleksibelt. Prosjekta skal fortrinnsvis vere tverrsektorielle prioriteringar som involverer fleire nordiske land.

Finansieringa av prioriteringsbudsjettet skjer ved hjelp av tilgjengelege midlar frå det avslutta globaliseringsinitiativet og midlar til formannskapen, og utgjer totalt 80 millionar danske kroner. Prosjekta skal avgrensast til ein periode på tre år. Prioriteringsbudsjettet vert delt opp i ein eigen formannskapsdel på 20 millionar DKK og ein del på dei resterande 60 millionane som går til andre høgt prioriterte initiativ frå landa. Sveriges hovudprioritering for formannskapsdelen i 2013 er mellom anna ungdomsarbeidsløyse og etablering av eit «Network of excellence» innanfor gruve- og mineralnæringa. Den norske formannskapen samarbeider med den påtroppande svenske formannskapen om prosjekt som representerer ei vidareføring av viktige prioriteringar i 2012. Med bakgrunn i eit norsk initiativ utviklar den påtroppande svenske formannskapen eit prosjekt om læring i og gjennom arbeid.

2.3 Grensehinder

Samarbeid på tvers av nasjonale grenser og fjerning av grensehinder er ein viktig del av det nordiske samarbeidet. Halvvegs i formannskapsperioden har Noreg styrkt innsatsen mot grensehinder. Det er sett ned ei arbeidsgruppe i Nordisk ministerråd, under leiing av den norske formannskapen, som har fått i mandat å utarbeide ein handlingsplan for det framtidige grensehinderarbeidet. Arbeidsgruppa vil mellom anna sjå på korleis arbeidet med grensehinder kan organiserast i framtida. Nordisk råd vil bli konsultert i arbeidet. Målsetjinga er å leggje fram eit ministerrådsforslag på Nordisk råds sesjon i 2013. Nasjonalforsamlingane i alle dei nordiske landa, i tillegg til dei sjølvstyrte områda, heldt i løpet av våren 2012 ein debatt om grensehinder. Debatten fann stad på Stortinget i april og resulterte i åtte forslag som er sende til regjeringa til vurdering. Samarbeidsministeren gjorde under debatten greie for grensehinderarbeidet i Nordisk ministerråd. Ho viste til at ei fullstendig nedbygging av grensehinder verken er realistisk eller ønskjeleg sidan dei nordiske landa har ulike lover og regelverk på mange område og har valt ulike velferdspolitiske løysingar for borgarane sine. Der hinder ikkje kan fjernast, kan ein søkje å få til størst mogeleg grad av harmonisering.

I april vart det lagt fram ein grensehinderrapport på arbeids- og sosialområdet som i tillegg til å identifisere grensehinder kjem med forslag til konkrete løysingar. Funna vart presenterte på ein konferanse der samarbeidsministeren deltok. Rapporten har vore på høyring i dei nordiske landa, og det vert vurdert korleis dei enkelte forslaga skal følgjast opp.

Dei åtte forslaga som vart fremja under debatten, er tekne inn i fullstendig versjon i vedlegga til meldinga. Nedanfor er det sett opp ein oversikt frå dei ansvarlege departementa om status for arbeidet med sakene som er omhandla i dei omtalte forslaga.

Forslaga er som følgjer: (1) oppretting av ein nordisk ombodsmann i regi av Nordisk ministerråd, (2) vurdering av nye lovforslag frå om dei skapar grensehinder, (3) forenkla tollklarering av maskiner på korte og tidsavgrensa arbeidsoppgdrag, (4) godkjenning av yrkesutdanning frå eige land, (5) rehabilitering etter yrkesskade og sjukdom i bustadslandet, (6) harmonisering av reglar for studiestøtte, (7) rett til vidaregåande opplæring i eit anna nordisk land, og til slutt (8) raskare saksbehandling og betre tilgjenge på skattekontora for nordiske arbeidstakarar som søkjer norsk D-nummer.

Forslag 1 om grensehinderombodsmann: Forslaget skal behandlast av samarbeidsministrane i samband med utarbeidinga av handlingsplanen for grensehinderarbeidet, som skal slutførast i 2013. Det må klargjerast kva som er føremålet med å opprette og organisere ei slik stilling. Kva juridiske spørsmål som då oppstår, er m.a. avhengig av korleis ein ombodsmann skal organiserast, og kva oppgåver og formell myndigheit ombodsmannen skal få. Ei nærare juridisk vurdering må dermed skje i lys av ordninga som til slutt vert vald.

Forslag 2 om å vurdere nye lovforslag: Ansvarleg departement er Fornyrings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD). Regjeringa vil understreke at det er svært viktig at sakene skal vere så godt utgreidde som mogeleg før det vert fatta vedtak. Difor har regjeringa vedteke ein eigen instruks som skal vareta dette føremålet, utgreiingsinstruks.

Denne instruksjonen gjeld arbeidet med offentlege utgreiingar, forskrifter, reformer og tiltak, i tillegg til proposisjonar og meldingar til Stortinget. Instruksjonen, som altså også gjeld lovforslag, pålegg mellom anna dei ansvarlege departementa og etatane å vurdere både økonomiske, administrative og andre vesentlege konsekvensar av dei forslaga som vert lagde fram. Kva andre konsekvensar det vil vere naturleg å vurdere, vil variere frå sak til sak. I enkelte saker vil det til dømes vere naturleg å vurdere om forslaga skapar grensehinder, og det er dei enkelte departementa og andre underliggjande verksemdar som er ansvarlege for at dette vert gjort.

Ifølgje konkurranselova § 9 bokstav e) skal konkurransestyresmaktene peike på konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak, ev. fremje forslag med sikte på å styrkje konkurransen og gjere det enklare for nye konkurrentar å få tilgang til marknaden. Denne oppgåva utfører konkurransestyresmaktene regelmessig gjennom høyringsfråsegner, påpeikingar, meldingar i media mv. I dette arbeidet er konkurransestyresmaktene særleg opptekne av at det ikkje skal skapast unødige etableringshindringar som reduserer konkurransen, mellom anna grensehinder.

Forslag 3 om forenkla tollklarering av anleggsmaskiner på korte og tidsavgrensa arbeidsoppgdrag: Ansvarleg departement er Finansdepartementet (FIN). I Prop. 112 L (2011-2012) Endringar i skatte-, avgifts- og tollavgjevinga kapittel 14 er meirverdiavgift ved midlertidig innførsel av anleggsmaskiner omtalt. Som det går fram der, vurderer Finansdepartementet kva som eventuelt kan gjerast for å bøte på problemstillinga. Ei eventuell endring av regelverket må likevel vurderast

nøye. Dette gjeld særleg med omsyn til kva krav til tryggleik for avgiftskravet som må stillast ved innførselen. Departementet vil kome tilbake til saka når dette arbeidet er avslutta.

Forslag 4 om godkjenning av yrkesutdanning: Ansvarleg departement er Kunnskapsdepartementet (KD). I Noreg har fylkeskommunane og faglege råd ansvar for godkjenning og utferding av fag- og sveinebrev. Det er ikkje alle yrkesfag som krev eigen autorisasjon. I tillegg har Noreg realkompetansevurdering og yrkesprøving dersom kompetansen ikkje kan dokumenterast på annan måte. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har ansvar for gjensidig godkjenning av høgare utdanning og kan gje autorisasjon for utøving av visse profesjonar. Så langt har det ikkje vorte sett på som ønskeleg å opprette ein eigen godkjenningsinstans for yrkesutdanna i Noreg. Kunnskapsdepartementet ser på det som naturleg å vente med vurderinga av ein eventuell godkjenningsinstans til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF) er ferdig utarbeidd og eventuelt vedteke.

Forslag 5 om rehabilitering etter yrkesskade og sjukdom i bustadslandet: Ansvarleg departement er Arbeidsdepartementet (AD). Ein ny nordisk konvensjon om trygd vart undertekna på ministermøtet i juni 2012. Konvensjonen, som kan ta til å gjelde tidleg i 2013, er tilpassa dei nye forordningane på området i EU som vart ein del av EØS-avtalen frå 1. juni 2012. Den nye konvensjonen gjev ei sterkare forankring av det nordiske samarbeidet på trygdeområdet, ettersom han føreskriv at aktuelle institusjonar skal samarbeide i grenseoverskridande situasjonar, og bidreg til at arbeidet mot grensehinder vert styrkt.

Det er òg teke inn konkrete føresegner om rehabilitering i bustadslandet for personar som har arbeidd og vore trygdemedlem i eit anna nordisk land. Bustadslandet skal sørge for tiltaka i samarbeid med arbeidslandet og for arbeidslandets rekning. Konvensjonen legg dermed til rette for at det aktuelle problemet kan løysast i praksis.

Forslag 6 om harmonisering av studiestøtte: Ansvarleg departement er KD. Det er ein lang tradisjon for samarbeid mellom dei nordiske utdanningsdepartementa for å sikre at regelverka er så harmoniserte som mogeleg, mellom anna for å hindre at nordiske statsborgarar vert ståande utan rett til utdanningsstøtte i eit nordisk land. Etter EU/EØS-retten er landa i stor grad forplikta til å behandle alle EU/EØS-borgarar likt. Ut frå EU/EØS-rett er det dermed vanskeleg å gje statsborgarar frå dei nordiske landa lettare tilgang til utdanningsstøtte enn

statsborgarar frå andre EU/EØS-land. Det er ulike oppfatningar i Norden om i kva grad dei nordiske avtalane framleis kan gje grunnlag for særlege reglar mellom dei nordiske landa. Noreg vil ta initiativ til å få avklart dette spørsmålet.

Forslag 7 om vidaregåande opplæring i eit anna nordisk land: Ansvarleg departement er KD. Dei fem nordiske landa har inngått ein gjensidig avtale om at ungdom med fast bustad i eit anna nordisk land har dei same rettane til vidaregåande opplæring som statsborgarane i landet. Dersom dei har fullført delar av den vidaregåande opplæringa i eit anna nordisk land, skal opplæringa i prinsippet godkjennast ut frå dei same vilkåra som for elevar som har flytta frå ein skule til ein annan i Noreg. Dette gjeld vidaregåande opplæring både frå det studieførebuande og frå det yrkesfaglege utdanningsprogrammet. Dersom ein tek utdanning i eit anna nordisk land med tanke på å få ho godkjend som likeverdig med ei tilsvarande norsk utdanning, bør det avklarast med inntakskontoret i fylkeskommunen i forkant om dette praktisk lèt seg gjere. Dersom ein skal søkje om å få godkjent ei utdanning frå eit anna nordisk land tilsvarande vidaregåande opplæringsnivå i Noreg, må ein kontakte inntakskontoret i det aktuelle fylket ein søker seg til i Noreg, eller rådføre seg med rådgjevaren eller leiinga ved den skulen ein eventuelt planlegg å byrje på etter retur til eige land. Informasjon om høve og rettar til å gjennomføre heile eller delar av vidaregåande opplæring i eit anna land finst på nettstaden *www.vilbli.no*.

Kunnskapsdepartementet viser til at fylkeskommunane har kompetanse til å kunne svare på spørsmål om ordninga.

Forslag 8 om raskare saksbehandling av ID-kontroll: Ansvarleg departement er FIN. Utanlandske borgarar som skal innvandre eller ha D-nummer ved midlertidig opphald i Noreg, må gjennom ein ID-kontroll. Med verknad frå 1. februar 2012 er arbeidet med slike ID-kontrollar lagt til 41 spesialiserte skattekontor. Arbeidet med ID-kontrollar er viktig for å unngå at utanlandske borgarar kan få fødselsnummer og D-nummer på grunnlag av falske identitetsdokument. Nordiske borgarar er ikkje i noka særstilling når det gjeld behovet for å gjennomføre ID-kontrollar. Det vil vere knytt utfordringar til ein meir lempeleg praksis berre for nordiske borgarar, då dette vil gå mot prinsippet om likebehandling av utanlandske arbeidstakarar. Samtidig vil lågare kontrollnivå auke risikoen for falske identitetar i folkeregistret. Departementet kan difor ikkje tilrå ein generelt meir lempeleg praksis ved ID-kontrollen for borgarar av nordiske land.

Utfordringane ved personleg oppmøte for nordiske borgarar må difor i utgangspunktet løysast gjennom tiltak som treff generelt for alle, uavhengig av statsborgarskap. Skatteetaten har inngått konkrete avtalar om oppsøkjande verksemd med fleire regionar og kommunar. Skatteetaten har no inngått slike avtalar i alle skatteregioner med unntak av Skatt vest, og samarbeidet med kommunar og næringsliv fungerer godt. Det kan framleis vere lang reiseveg til næraste skattekontor med kompetanse på ID-kontroll for enkelte arbeidstakarar, men gjennom alternative tiltak, mellom anna oppsøkjande verksemd, bidreg Skatteetaten til å redusere byrda som omlegginga av ID-kontrollen inneber for både arbeidstakarar og arbeidsgjevarar. Tiltaka vil òg gje enklare tilgjenge for nordiske borgarar. Med spesialiserte skattekontor for ID-kontrollar vil saksbehandlinga verte meir effektiv, noko også nordiske borgarar vil vere tente med. Det er ikkje aktuelt å vurdere større endringar i ID-kontrollen før Skatteetaten har hausta erfaringar med den nye ordninga over ein lengre periode.

Ei anna sak det har vore interesse for, er kartlegging av grensehinder for næringslivet. Nordisk Innovasjon (NI) har fått i oppdrag å sjå på dette

hausten 2012. Vidare arbeider NI med nedbygging av grensehinder innanfor særleg aktuelle sektorar som el-fagfeltet med utgangspunkt i EU-direktiv 2005/36/EF (kvalifikasjonsdirektivet) og byggenæringa. I november 2011 vart det sett i gang prosjekt om koordinering av byggestandardar med deltaking frå hele Norden.

Grensehinderforum

Etter initiativ frå dei nordiske statsministrane etablerte samarbeidsministrane Grensehinderforum hausten 2007. Mandatet er forlengt ut 2013. Forumet er sett saman av framståande representantar for landa og dei sjølvstyrte områda (Grønland, Færøyane og Åland). Grensehinderforum møtest med jamne mellomrom, og arbeider sjølvstendig og uavhengig for å identifisere, prioritere og finne løysingar på hinder som kjem opp. Dei tek opp enkeltsaker med dei rette styresmaktene, på politisk nivå eller embetsnivå. Det vert årleg rapportert til statsministrane om status for arbeidet. Ole Norrback er leiar av Grensehinderforum, og norsk representant er tidlegare nordisk samarbeidsminister Bjarne Mørk-Eidem.

3 Nordens naboar

3.1 Nærområdesamarbeidet

Nærområdesamarbeidet til Nordisk ministerråd omfattar samarbeidet med Russland, Estland, Latvia og Litauen, i tillegg til naboar i vest. Dessutan samarbeider ministerrådet med Barentsrådet, Austersjørådet og Arktisk råd. Russlandssamarbeidet er tett knytt til EU-politikken og støttar opp om Den nordlege dimensjonen, der ministerrådet er partner. Nærområdesamarbeidet omfattar òg innsatsen overfor Kviterussland. Føremålet er å styrkje dialogen mellom dei nordiske landa og nabolanda og å konsentrere det til område der det nordiske samarbeidet kan gje meirverdi og samordning i forhold til nasjonale aktivitetar.

NMRs arktiske samarbeidsprogram

Samarbeidsprogrammet «Berekraftig utvikling i Arktis» (2012-2014) fokuserer på og støttar opp om dei områda der Norden har felles interesser og utfordringar i Arktis. Aktivitetane i programmet har utgangspunkt i strategiane dei nordiske landa har for regionen.

Samarbeidet med naboar i aust

Nordvest-Russland

Ministerrådet legg stor vekt på samarbeidet med Russland. Samarbeidet fokuserer først og fremst på fylka i Nordvest-Russland, og målsetjinga er å bidra til å styrkje kontaktane over grensa og å skape betre føresetnader for økonomisk samarbeid og demokratisk utvikling. Andre prioriterte område er utdanning, forskning, innovasjon og miljø, klima og energi. Arbeidet er forankra i retningslinjene frå Nordisk ministerråd for Nordvest-Russland (2009-2013), som vart vedtekne av samarbeidsministrane i 2008. Nordisk ministerråd har kontor i St. Petersburg, Kaliningrad, Murmansk, Petrozavodsk og Arkhangelsk, som spelar ei sentral rolle i gjennomføringa av retningslinjene. Nordisk ministerråd administrerer eit program for kunnskaps- og nettverksutvikling som gjennom støtte til praktisk prosjektsamarbeid skal støtte

opp om dei overordna prioriteringane i retningslinjene. Nordisk ministerråd forvaltar òg ei tilskotsordning som skal bidra til samarbeid mellom NGO-ar med nabolanda i aust, mellom dei Russland (sjå eiga omtale).

I mars 2012 vart det halde eit oppstartsmøte for samarbeidet mellom NMR og Russland om utdanning og forskning i kjølvatnet av avtalen som vart inngått hausten 2011. Programmet startar opp hausten 2012.

Samarbeidet med Estland, Latvia og Litauen

Nordisk ministerråd har kontor i Estland, Latvia og Litauen. Verksemda i kontora er styrt av retningslinjer som er felles for dei tre landa. Kontora støttar landa, fagministerråda, dei nordiske institusjonane og sekretariatet i København i utviklinga av felles nordisk samarbeid med dei baltiske landa. Det vert lagt vekt på at samarbeidet skal vere tosidig, der nasjonale og lokale styresmakter, dei frivillige organisasjonane og andre deltakarar i samarbeidet tek del i finansieringa av prosjekt og program og kjem med råd om val av prioriterte område.

Nordisk-baltiske mobilitetsprogram for kultur og næring

Dei nordiske mobilitetsprogramma for kultur, administrasjon og næringsverksemd vart i 2009 opna for at dei baltiske landa kunne delta. Det nordisk-baltiske mobilitetsprogrammet for kultur vart forlenga for perioden 2012–2014 på det nordisk-baltiske kulturministermøtet i Åbo i 2011. Prioriterte område for 2012 er å styrkje mobilitet og nettverksbygging for kulturaktørar, i tillegg til støtte til kunstnarresidensar for profesjonelle kunst- og kulturaktørar.

Kviterussland

Dei nordiske landa støttar ei demokratisk utvikling i Kviterussland. Nordisk ministerråd samarbeider med EU om støtte gjennom eksiluniversitetet European Humanities University (EHU) for

kviterussiske studentar i Vilnius. Det er etablert eit internasjonalt fond for EHU for å sikre koordinering av støtte og trekkje til seg fleire gjevarar. Fondet vert administrert i nært samarbeid mellom ministerrådet, EU og EHU. Ministerrådet forvaltar i tillegg eit stipendprogram for unge kviterussarar og samarbeider med EU om gjennomføring av eit prosjekt til støtte for det sivile samfunnet.

Nordisk ministerråds NGO-program

Nordisk ministerråd har ein eiga tilskotsordning for prosjektsamarbeid mellom frivillige organisasjonar i dei baltiske landa, Russland, Kviterussland, Polen og dei skandinaviske landa – det såkalla «NGO-programmet». Midlane vert brukte til å støtte opp under prioriteringane i retningslinjene for Russland, Kviterussland og dei baltiske landa.

Det vidare samarbeidet med naboane i aust

Under den norske formannskapen i Nordisk ministerråd er det sett ned ei arbeidsgruppe som skal føreslå nye retningslinjer for samarbeidet med Russland, Estland, Latvia og Litauen etter 2013. Arbeidsgruppa skal sjå på prioriteringane som skal leggjast til grunn, og på instrumenta som skal brukast for å nå dei oppsette måla. Arbeidsgruppa skal òg ta stilling til om det skal utarbeidast eit samla sett retningslinjer for samarbeidet med Russland og dei baltiske landa. Noreg leier denne arbeidsgruppa.

Naboar i vest

Budsjettposten for samarbeidet med naboar i vest (særleg Canada) prioriterer det marine området, næring, miljø, klima og energi, utdanning og kultur. Budsjettet til samarbeidet med naboar i vest vert primært brukt som såkornsmidlar.

NORA (Nordisk Atlantsamarbeid) er ein nordisk institusjon som arbeider med utviklingstiltak i Nord-Noreg, Vest-Noreg, Island, Færøyane og Grønland. NORA starta i 2011 arbeidet med eit treårig strategiprogram som skal følgjast opp av årlege arbeidsplanar. Dette skjer med utgangspunkt i OECD-analysen og retningslinjene for samarbeidet mellom Nordisk ministerråd og Nordens naboar i vest. Strategien skal styrkje område der regionen allereie har kunnskap, som fiskeri og marine ressursar. Prioritert er òg innovasjon, infrastruktur, styrkt kontakt med våre vestlege naboar i Canada og Skottland og informasjonstil-

tak for å spreie informasjon om regionen og utveksling av eksempel på «best practices».

3.2 Nordleg dimensjon

Den nye nordlege dimensjonen vart oppretta under den finske EU-formannskapen i november 2006 i Helsingfors. EU, Russland, Island og Noreg er likeverdige partnerar, medan dei fire regionale samarbeidsorganisasjonane og internasjonale finansieringsinstitusjonar (IFI) er deltakarar.

Den nordlege dimensjonen (ND) ligg i kjerneområdet av nordområdepolitikken til Regjeringa sidan han famnar om alle samarbeidsstrukturane og gjennomfører prosjekt på sentrale politikkområde som miljø, transport og logistikk, kultur og helse. Austersjørådet, Nordisk ministerråd, Arktisk råd og sist, men ikkje minst Barentsrådet dekkjer òg desse fagfelta, med unntak av helse for Austersjørådet sin del. Koordinering mellom råda er difor viktig. Noreg arrangerte i januar 2012 eit møte på statssekretærnivå i Oslo. Leiarane for råda drøfta her samarbeidet seg imellom og samarbeidet med ND. Noreg arbeider no for å følgje opp konklusjonane etter møtet. Norsk formannskap i både Nordisk ministerråd og Barentsrådet gjev oss ein god sjanse til å styrkje samarbeidet mellom samarbeidsorgana i nord.

ND er ein dynamisk arena for konkrete samarbeidsprosjekt i nord med samfinansiering og stønad frå IFI. Desse prosjekta vert sette i verk på fire samarbeidsområde, såkalla partnerskap for høvesvis miljø, helse, kultur og transport/logistikk. Partnerskapa er forskjellige i forma, men dei er alle etablerte for å kombinere politikk med ekspertarbeid og praktisk prosjektverksemd. I tillegg vert Northern Dimension Institute (NDI) og Northern Dimension Business Council (NDBC) rekna som ein del av ND-arkitekturen.

Strukturfondet i miljøpartnerskapen NDEP har samla statlege bidrag som utgjer 334 millionar euro. I samarbeid med internasjonale finansieringsinstitusjonar (IFI) har desse bidraga i sin tur utløynt lån og investeringar i eit omfang som svarar til ei tidobling. Dermed har prosjekta no ein totalverdi på over 3,3 milliardar euro. NDEP har vore i drift i elleve år. Noreg har gjeve tilsegn til nye løyvingar på 2,5 millionar euro til prosjekt som gjeld atomtryggleik i NDEP, og 1,2 millionar euro til andre miljøprosjekt.

Noreg deltek aktivt i ND-partnerskapen for helse (NDPHS), som koordinerer åtte prosjekt. Sekretariatet for NDPHS i Stockholm er formelt

oppretta med folkerettsleg status, og Noreg har ratifisert avtalen.

Noreg deltekt aktivt i arbeidet med å utvikle ND-kulturpartnerskapen, som vart etablert i 2010. Nordisk ministerråd er sekretariat for kulturpartnerskapen i perioden 2011–2013. Kulturpartnerskapen har som hovudføremål å skape ein plattform for kulturelt samarbeid gjennom å koordinere nettverk, prosjekt og andre kulturaktivitetar innanfor ND-området. Det er eit ønske om å arbeide meir med små og mellomstore bedrifter innanfor felte turisme, kultur og «kreative næringar».

NDs partnerskap for transport og logistikk (NDPTL) vart operasjonell i 2011. Det vert no arbeidd med å etablere eit støttefond som skal gje midlar til studiar og analyser som får prosjekt under partnerskapen nærare gjennomføring. Noreg legg vekt på ei god rollefordeling og eit godt samarbeid mellom arbeidsgruppa for transport under Barentsrådet (Barents Euro-Arctic Transport Area) og NDPTL. På norsk hald er ein oppteken av å utvikle NDPTL på ein måte som passar godt til vår generelle satsing på næringsutvikling, transport og logistikk i nordområda. Det vert mellom anna arbeidd med å definere eit nettverk med transportsamband mellom landa i Den nordlege dimensjonen og å få på plass ei ordning for finansiering av prosjekt.

Næringsrådet (ND Business Council) hadde møte i St. Petersburg i mars 2012. Initiativtakarar er russiske Severstal og finske Fortum OY. Her er deltakarane sterke næringsaktørar i ni arbeidsgrupper. Statoil og Lukoil leier energiarbeidsgruppa. NDI har i år oppretta ei Internett-side med informasjon om ND: <http://www.northerndimension.info/>

Interreg – det territoriale samarbeidet i EU

Interreg er EU-programmet som skal fremje sosial og økonomisk integrasjon over landegrensene gjennom regionalt samarbeid. Noreg har delteke i samarbeidet sidan 1996. Inneverande programperiode strekkjer seg frå 2007 til 2013.

Det nordiske samarbeidet har hatt mykje å seie for den norske deltakinga i Interreg. Dei europeiske grenseregionale programma byggjer for ein stor del på dei nordiske samarbeidsregionane. Nordiske midlar har i mange tilfelle vorte brukte til å medfinansiere Interreg-prosjekt.

Norske aktørar deltek i prosjekt som speglar viktige samfunnsutfordringar i kvar region, som utkant- og avstandsproblem, tilgang til tenestetilbod i småsamfunn, eit meir effektivt transportsys-

tem, tilgang til informasjonssamfunnet for innbyggjarane og utfordringar for små og mellomstore bedrifter. Dei fleste prosjekta er knytte til attraktivitet og næringsutvikling og til innovasjon, kompetanseutvikling og klima/miljø.

Arbeidet med å førebu programperioden 2014–2020 har starta. Det er sett ned ei nordisk regionalpolitisk arbeidsgruppe som skal følgje opp arbeidet for å sikre at Norden dreg nytte av framtidige program, og for å gje fortløpande innspel til EU-kommisjonen, i tillegg til å førebu utviklinga av nye program for neste periode. For Noreg vil dialogen med dei andre nordiske landa vere avgjerande for dei strategiske prioriteringane som vert lagde til grunn for programma.

3.3 Austersjørådet

Tyskland hadde formannskapet i Austersjørådet frå juli 2011, med Russland i rolla frå juli 2012. Det har vore viktig for Noreg å få dei to landa til å følgje opp dei norske prioriteringane frå vår eigen formannskapsperiode i 2010/11: maritim politikk og kamp mot menneskehandel.

Noreg har arbeidd for at Austersjørådet skal ha nær kontakt og søkje aktivt samarbeid med Nordisk ministerråd. Austersjørådet tilsette i 2012 ein prosjektkoordinator på Nordisk ministerråds kontor i Kaliningrad, som skal førebu konkrete prosjekt i Kaliningrad og tilstøytande regionar i Litauen og Polen, og som kan trekkje på erfaringane ministerrådet har frå regionen. Dei to råda møtest fast ein gong i året med Barentsrådet og Arktisk råd for samordning av aktivitetar.

Noreg arrangerte tidleg i 2012 eit møte på statssekretærnivå for formannskapa i dei fire regionale råda i Nord-Europa og dei fire partnarane i Den nordlege dimensjonen: EU, Russland, Island og Noreg. Ein av konklusjonane frå møtet var at overlapping mellom råda ikkje utgjer noka utfordring sjølv om samarbeidsoppsettet i Nord-Europa kan verke komplisert. Noreg har talt for å vere kontinuerleg innstilt på endringar og tilpassingar både av oppsett, mandat og fordeling av oppgåver. Dette er særleg relevant etter kvart som fleire nye partnerskap kjem på plass under Den nordlege dimensjonen.

Under den tyske formannskapet har energi vore ei hovudprioritering. Tyskland har for eigen del, på grunn av at det tyske atomkraftprogrammet skal avviklast innan 2022, stor interesse av tilgang på alternativ energi og vidareutvikling av det integrerte energisamarbeidet i regionen og i resten av Europa, og landet får sterk støtte frå Est-

land, Latvia, Litauen og Polen. Dei nordiske landa bidreg til energitryggleiken mellom anna ved å knyte dei baltiske landa til den nordiske marknaden for elektrisk kraft. Medlemslanda i Austersjøregionen har eit nært samarbeid på fagminister-nivå gjennom Baltic Sea Region Energy Co-operation (BASREC).

På regjeringssjefmøtet i Austersjørådet i mai stod dei demografiske utfordringane som alle landa rundt Austersjøen står overfor, sentralt. Mobiliteten som er innebygd i slike demografiske endringar, og presset på velferdsstaten som følgjer av dette, vil òg auke behovet for nærare samordning. Eit regionalt råd som Austersjørådet kan vere godt eigna for slike oppgåver i framtida.

Noreg har både under sin eigen formannskap i Austersjørådet 2010/11 og under dei påfølgjande tyske og russiske formannskapa arbeidd for at Austersjørådet skal engasjere seg i gjennomføringa av EU-strategien for Austersjøregionen. Nordisk ministerråd er allereie inne i fleire av arbeidsprogramma og flaggskipsprosjekta under strategien. Russland er no meir innstilt på å bruke Austersjørådet i gjennomføringa på område som er prioriterte av Austersjørådet sjølv, og som er av gjensidig interesse.

Det nordiske politisamarbeidet er i aukande grad prega av at dei baltiske landa og andre land som grensar til Austersjøen, vert trekte med i det tette operative samarbeidet i Norden. Til dømes involverer det nordiske politi- og tollsamarbeidet (PTN) i aukande grad også andre austersjøland i konkrete politi- og tollsaker, og gjennom Austersjørådets Task Force on Organised Crime (BSTF) vil det operative samarbeidet i aukande grad involvere Russland. Austersjørådet fornya på toppmøtet i juni i år mandatet til BSTF til og med 2016. Noreg skal leie arbeidet frå 2013, og Justisdepartementet har starta arbeidet med å førebu seg til denne oppgåva.

3.4 Barentsrådet

Barentssamarbeidet har sidan starten i 1993 vore den sentrale drivkrafta i det regionale samarbeidet i nord. Det tette samarbeidet mellom regionane og statane gjer Barentssamarbeidet unikt. Den sterke og sjølvstendige rolla regionane spelar, sikrar lokal eigarskap og ein jamn straum av idear og samarbeidsprosjekt. Enkelte av desse vert heilt eller delvis vidareførte av andre regionale organisasjonar, til dømes Nordisk minister-råd. Store naturressursar og gode vekstvilkår for

nye næringar skapar no ny optimisme og auka internasjonal interesse for Barentsregionen.

Barentssamarbeidet er eit breitt samarbeid som går føre seg på mange nivå og på dei fleste samfunnsområda. Dei sentrale organa i det formelle samarbeidet er Barentsrådet og Regionrådet. Medlemene i Barentsrådet er Danmark, Finland, Island, Noreg, Russland, Sverige og EU-kommisjonen. Regionrådet omfattar 13 regioner, mellom andre dei tre nordlegaste fylka i Noreg. Noreg er formann i Barentsrådet fram til oktober 2013, og Norrbotten leier i same tidsrommet Regionrådet.

Hovudinnhaldsområda for den norske formannskapsperioden er næringsutvikling, miljø og folk-til-folk-samarbeid. Noreg fremjar Barentsregionen som ein ressursregion i Europa. Olje, gass, fisk, tømmer, mineral, metall og ikkje minst høgt utdanna arbeidskraft er viktige fortrinn. Barentsregionen forsyner verda med store mengder råvarer. Gjennom ulike arrangement i formannskapsperioden ønskjer vi å bidra til ei berekraftig og miljøvennleg industri- og teknologiutvikling i regionen. Utviklinga av nye kanalar for transport og logistikk er viktig for folk i nord og for mineralindustrien, som er prega av stor aktivitet. Det vert gradvis opna opp for nye moglegheiter med den nordlege sjøruta, og hamner og sjøtransport er i aukande grad viktig for Barentssamarbeidet. Transport og logistikk er difor høgt prioritert på lokalt, regionalt, nasjonalt og europeisk plan. Den norske formannskapet for transportsamarbeidet har lagt fram eit forslag om å lage ein felles plan for utvikling av transportinfrastrukturen i Barentsområdet. I samband med dette skal det mellom anna haldast ein konferanse og eit ministermøte våren 2013.

Urfolk har ein framståande plass i Barentssamarbeidet. Skal ny næringsutvikling lukkast, må han ta omsyn til deira tradisjonelle levestett, kunnskapar og erfaringar. Under formannskapet arrangerer Noreg eit seminar om urfolksinteresser og mineralnæringa. Her vil urfolk og mineralindustrien kunne drøfte korleis utviklinga òg kan vareta lokale behov og interesser. Noreg støttar arbeidsgruppa for urfolksspørsmål både politisk og økonomisk og arbeider for å styrkje samarbeidet mellom urfolka i regionen.

Det vert lagt til grunn høge miljøkrav for næringsutvikling i regionen. Under den norske formannskapet har arbeidet med dei mest kritiske miljøutfordringane, såkalla «Hot Spots», hatt framgang. Noreg er òg ein sentral pådrivar i arbeidet med å ferdigstille ein klimahandlingsplan for Barentsregionen.

Dei to Barentssekretariata i Kirkenes er viktige for samarbeidet, og Utanriksdepartementet har i 2012 inngått ein treårig avtale med det norske Barentssekretariatet. Avtalen gjev sekretariatet større rom til å planlegge bruken av prosjektstøtta som skal forvaltast.

Det internasjonale Barentssekretariatet (IBS) er ein viktig ressurs og sikrar god kontakt med alle medlemsstatane. Saman med det norske Sametinget finansierer Utanriksdepartementet ein urfolksmedarbeidar til det internasjonale Barentssekretariatet.

I regi av Barentsrådet er det etablert ein komité som tek seg av samarbeid og vidareutvikling av grenseoverskridande redningsfaglege problemstillingar i Barentsregionen. Ein multilateral redningsavtale for Barentsregionen tredde i kraft 17. mai 2012. Noreg, Russland, Sverige og Finland er parter i avtalen. Føremålet med avtalen er gjensidig bistand over landegrensene i krisesituasjonar og ved redningsoperasjonar.

Øvingsserien Barents Rescue vert gjennomført annakvart år. Øvinga forenklar og forbetrar kommunikasjon, koordinering og samarbeid mellom sivile og militære einingar som er involverte i krisehandtering i Barentsregionen. Noreg ved Justisdepartementet koordinerer neste øving, som finn stad i september 2013.

Det parlamentariske samarbeidet i Barentsregionen er viktig. Stortinget er vertskap for den sjette parlamentarikarkonferansen for Barentsregionen. Denne konferansen skal haldast i Harstad 22.24. april 2013.

Statsministeren har invitert kollegaene sine frå Barentslanda og EU til å markere 20-årsjubileet for Barentssamarbeidet i Kirkenes 3. og 4. juni 2013. Markeringa vil målbera framtidssjonnar for regionen og skal involvere unge menneske. Ei ny Kirkenes-erklæring om vidare samarbeid og perspektiv i Barentsregionen skal etter planen underteiknast under statsministermøtet.

3.5 Arktisk råd

Sverige overtok formannskapet i Arktisk råd etter Danmark i mai 2011. Canada skal overta etter Sverige. Med den svenske formannskapet er vi inne i ein samanhengande periode på seks år med nordiske formannskapar som tek slutt i 2013.

Auka politisk merksemd og effektivisering av arbeidet i rådet har vore nokre av prioriteringane

for den norske, danske og svenske formannskapet. På ministermøtet i Nuuk i 2011 vart det mellom anna vedteke kriterium for opptak av nye faste observatørar. Arktisk råd har no ti søknader om observatørstatus til behandling. Det er opp til ministermøtet i Kiruna i 2013 å avgjere om søknadene oppfyller dei vedtekne kriteria.

Den svenske formannskapet har ansvar for å følgje opp avgjerda om å leggje det permanente sekretariatet for Arktisk råd til Tromsø. Statssekretærmøtet i Stockholm i mai 2012 godkjende alle dei praktiske forordningane som var nødvendige for at sekretariatet skal vere i drift ved byrjinga av den kanadiske formannskapet. Sekretariatet vil styrkje arbeidet i Arktisk råd og bidra til å markere Tromsø som eit kraftsentrum i norsk og internasjonal polar samanheng.

Klimaendring er eit hovudtema for arbeidet i Arktisk råd. Dei siste åra har dei ulike arbeidsgruppene i rådet lagt fram ei rekkje rapportar om hovudelementa i arktisk klimaendring. Etter norsk initiativ godkjende statssekretærmøtet i Stockholm eit viktig prosjekt som skal identifisere strategiar for tilpassing til klimaendringane, *Adaptation Actions for a Changing Arctic*.

Eit anna hovudfokus for arbeidet i rådet er konsekvensane det får for miljø og urfolk at havisen trekkjer seg tilbake, men òg dei perspektiva for auka menneskeleg aktivitet som opnar seg med dette. Den største utfordringa i Arktis for rådsmedlemmene er å finne balansen mellom vern og bruk av områda som kan bli liggjande opne når havisen har trekt seg tilbake. Arktisk råd samarbeider om m.a. status-/konsekvensanalysar av olje-/gassverksemd og skipsfart i Arktis, retningslinjer for petroleumsvksemd offshore, miljøvern og retningslinjer for heilskapleg ressursforvaltning.

Auka ressursutnytting og trafikk i arktiske farvatn gjer det nødvendig å vurdere oljevernberedskapen i desse farvatna. Ministermøtet i Nuuk gav mandat til at det vert oppretta ei arbeidsgruppe for å forhandle fram eit oljeverninstrument i Arktis. Føremålet med instrumentet er å styrkje samarbeidet landa imellom om aksjonar og respons ved oljeutslipp til det arktiske marine miljøet. USA, Noreg og Russland leier arbeidsgruppa, som truleg vil ha eit ferdig forhandla utkast til avtale klart i løpet av våren 2013. Når avtalen er godkjend av ministermøtet, vil det bli den andre juridisk bindande avtalen som er forhandla fram i regi av Arktisk råd.

4 Utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid

4.1 Nordisk samarbeid – ein integrert del av europapolitikken

Noreg, Norden og EU står overfor mange av dei same utfordringane knytte til auka global konkurranse og til klima, energi og demografi. På det utanriks- og tryggingsspolitiske området er det i aukande grad eit nordisk samarbeid. Stoltenberg-rapporten er eit viktig uttrykk for korleis Europa og breiare globale forhold gjev grobott for eit dynamisk nordisk samarbeid. I både EU og NATO er det ei aukande interesse for regionalt samarbeid mellom medlemsland og ikkje-medlemsland. Dette ser vi gjennom at alle dei nordiske landa og EU møtest i regionale samarbeidsfora som Barentsrådet, Austersjørådet, Arktisk råd og Den nordlege dimensjonen. Dei ulike fagministerråda under nordiske ministerrådsmøte fungerer òg som ein viktig møteplass for å diskutere EU/EØS-spørsmål og utviklinga av europeisk politikk innanfor dei ulike fagområda.

Det er mange eksempel på korleis det nordiske samarbeidet har bidrege i det europeiske samarbeidet og sett fotavtrykk på dei løysingane som er utvikla i ei europeisk ramme. Dette gjeld ikkje minst i sosiale spørsmål, innanfor likestilling, arbeidsmiljø, miljøvern og spørsmål om openheit og innsyn. For å møte utfordringane har EU som mål å gjere økonomien smart, inkluderande og berekraftig. Den nordiske modellen, der ein har lukkast i å kombinere vekstøkonomi med miljøreguleringer, høg grad av velferd og evne til omstilling med godt vern for arbeidstakarar, har fått ny merksemd i Europa i lys av den økonomiske krisa. Dette gjev dei nordiske landa, mellom dei Noreg, høve til å påverke EU. Vi har størst sjanse til å påverke situasjonen på område der dei nordiske landa utmerkjer seg, og/eller der EU har ei særleg interesse. På næringsområdet kan det vere berekraftig byggeskikk, strategisk bruk av offentlege innkjøp, gruve- og mineralnæring og kreative næringar. Dei nordiske landa kan bringe erfaringar og politiske løysingar over landegrensene inn i det europeiske samarbeidet som konkrete bidrag til politikktutforminga i Europa. Slik vert nordisk og europeisk politikktutvikling vevd

tettare saman i ein prosess der dialog og erfaringsutveksling står sentralt.

Norden og Europa. Perspektiv og moglegheiter

Det er ei prioritert oppgåve å styrkje dei kontaktane og den informasjonsutvekslinga som skjer gjennom det nordiske samarbeidet på eit breitt spekter av saksområde når det gjeld EU og europeisk samarbeid. Regjeringa ønskjer å bidra til nært og fortruleg nordisk samarbeid om aktuelle europeiske spørsmål i framtida og vil her òg aktivt bruke bilaterale relasjonar og nettverk. Frå norsk side har vi for eksempel dratt særleg nytte av eit nært samarbeid med EU-formannskapa når desse har vore nordiske, seinast den danske formannskapen våren 2012. Det er her viktig at saker som er til behandling i EU og EØS, og som er av fellesnordisk betyding, blir drøfta i ei nordisk ramme på eit tidleg tidspunkt. Samtidig er det òg viktig med tidleg varsling i saker der dei nordiske landa ikkje har felles interesser.

Nordiske bidrag til europeisk politikktutvikling

Regjeringa meiner at Norden har mykje god politikk og erfaring å bringe inn i det europeiske samarbeidet. Ikkje minst gjeld dette grøn vekst, noko som inneber at økonomisk vekst og utvikling skjer innanfor tålegrensene til naturen. Som formannskap i det nordiske regjeringssamarbeidet i Nordisk ministerråd er Regjeringa oppteken av å rette særleg fokus mot eit styrkt samspel mellom kultur, utdanning, forskning og innovasjon, grøn vekst og berekraftige helse- og velferdsordningar. Ved å kople kultur, klima, energi og miljøinnsatsen tettare opp til utdanning, forskning og innovasjon vil Norden kunne gje viktige bidrag i form av kunnskap og kompetanse i den europeiske innsatsen på veg mot auka grøn vekst og berekraft.

Målsetjinga for Noregs miljøsamarbeid med EU er å vareta norske miljøinteresser, medverke til ein god miljøpolitikk i Europa og bidra til at EU er ein pådrivar i utviklinga av internasjonal miljøpolitikk. Noreg deltek difor aktivt og breitt i utviklinga av felles ambisiøse miljøreglar i EU. Når dei

nordiske miljøvernministrane møtest to gonger i året, er EU/EØS-saker eit fast punkt på dagsordenen. Store delar av det omfattande nordiske ekspert samarbeidet er retta mot kva Norden kan bidra med i form av innspel og fagleg dokumentasjon til regelverksutviklinga i EU, og mot arbeidet med globale miljøkonvensjonar.

Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg i EU-program innanfor kultur, media, sikrare Internett, utdanning og forskning. Dei europeiske utfordringane og dei prioriterte områda samsvarer godt med norske og nordiske prioriteringar, som vern og fremjing av kulturelt mangfald og europeisk kulturarv, fremjing av sikker bruk av Internett og annan kommunikasjonsteknologi hos barn og unge, kamp mot ulovleg og skadeleg innhald, styrking av grunnforskning og fokus på samfunnsutfordringar i forskingspolitikken, i tillegg til arbeid for å redusere skulefråfall og innsats for betre lese-dugleik i utdanningspolitikken. Dei nordiske landa har i mange år hatt eit meir omfattande lov-samarbeid på immaterialrettsfeltet enn på mange andre kulturområde.

Det går føre seg informasjonsutveksling og samarbeid mellom dei nordiske landa når det gjeld studiefinansiering og forholdet til EU/EØS-retten. Landa yter kvarandre etter vurdering støtte i saker som kjem opp for EU- og EFTA-domstolane. Nordisk arbeid på realkompetansefeltet har vore ein modell for EU-kommunikeet om modernisering av høgare utdanning frå 2011. Vidare har EU-kommisjonen i forslaget til nytt integrert program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus for All, føreslått ei studiefinansieringsordning som er inspirert av dei nordiske ordningane.

Norden kan, på område der det ligg til rette for det, utvikle samarbeidsmodellar og løysingar som seinare kan gjennomførast i EU og i EØS-området. På energiområdet har for eksempel dei nordiske landa avregulert marknadene lenge før dei andre europeiske landa og har utvikla Nordpool. På bakgrunn av dei rammene for energipolitikken som blir utvikla gjennom EU/EØS, er det behov for eit nordisk samarbeid i alle fasar av politikk- og regelverksutforminga. Utvikling av rammevilkår for energieffektivisering og fornybar energi blir dermed spesielt interessant for dei nordiske landa i lys av utviklinga av direktiv og nye initiativ i EU/EØS. Gjennomføring av EU-direktivet for å fremje fornybar energi står sentralt som samarbeidsområde i handlingsprogrammet for energi i 2010-2013.

Noreg er gjennom EØS-avtalen kopla til EUs «sosiale dimensjon», som er tufta på felles mini-

mumsreglar for arbeidsmiljø og arbeidstakarrettar. Det inneber at Noreg stort sett er forplikta gjennom EØS-avtalen til å gjennomføre det same regelverket for arbeidslivet som dei andre nordiske landa. Det nordiske samarbeidet, mellom anna gjennom Nordisk arbeidslivs- og arbeidsrettsutval (NAU) og Nordisk arbeidsmiljøutval, har vist seg som ein svært nyttig arena for Noreg når det gjeld informasjon og diskusjon om vedtak av og forslag til EU-regelverk. På dei halvårlege møta i utvala står EU-saker fast på dagsordenen, i tillegg til at saker med EU-relevans ofte vert behandla som temadrøftingar. I utvala kan deltakarane utveksle synspunkt og informasjon og knyte gode kontaktar. Sjølv om dei nordiske landa har ein del forskjellar i den nasjonale lovgjevinga på arbeidslivsfeltet, finst det mange felles plattformer. Det gjeld ikkje minst det veletablerte trepartssamarbeidet som jo kjenneteiknar den nordiske modellen, og som alle dei nordiske landa er opptekne av å behalde i møtet med den europeiske arbeidslivsreguleringa.

Gjennom ministerrådet underbyggjer ein ofte arbeid som vert gjort i EU/EØS, diskuterer gjennomføring og erfaringar og kjem med innspel på område der Norden ligg i forkant av utviklinga i EU. Som ein del av EU-direktivet om grensekryssande helsetenester artikkel 12 er det no etablert eit arbeid i EU-kommisjonen for å definere kriterium og sjukdomsgrupper som skal inkluderas i eit europeisk referansenettverk (ERN). ERN kan bli eit kompetanse- og ressursnettverk for høgspesialisert medisin i Europa. Eit av måla er å dele kunnskap om behandling av sjeldne sjukdommar, til dømes nye kreftformer med ein forekomst på < 6 per 100 000 innbyggjarar. Ambisjonen er å setje i gang eit slikt nettverk frå 2015. Representantar frå den nordiske arbeidsgruppa for høgspesialisert medisin følgjer arbeidet med ERN i EU-kommisjonen. Det vert sett på som viktig å bidra i utviklinga av ERN med ein felles nordisk posisjon, ettersom høgspesialiserte tenester i Norden er relativt likt organiserte og finansierte.

EU-direktivet om grensekryssande helse-tenester artikkel 11 omtalar IT-tiltak som må koordineras mellom landa for å understøtte direktivet. Elektronisk ID for både helsepersonell og innbyggjarar, i tillegg til ny personvernregulering, er tema som er prioriterte i første fase, der det nordiske forumet fungerer som ein koordinerande arena mellom dei nordiske helsedepartementa. Utveksling av elektroniske reseptar i heile Norden (og på lang sikt heile Europa) er eit samarbeidsprosjekt i regi av EU (epSOS-prosjektet) og eit hovudtiltak for å understøtte direktivet.

Eit sentralt tema i det regionalpolitiske samarbeidet i 2011 og 2012 har vore EUs framtidige regionalpolitikk og konkurransepolitikk. Dei nordiske landa har gjennom arbeidsgrupper og dialogmøte drøfta politikikutviklinga i EU og samordna innspel til EU-kommisjonen på område der dei nordiske interessene er samanfallande.

4.2 Det utanrikspolitiske samarbeid, oppfølging av Stoltenberg-rapporten

Det nordiske utanriks- og tryggingspolitiske samarbeidet er i rask utvikling. Oppfølginga av rapporten frå Thorvald Stoltenberg om styrking av det nordiske utanriks- og tryggingspolitiske samarbeidet (2009) er framleis ei viktig kjelde til politisk dynamikk og konkrete tiltak.

Den nordiske solidaritetserklæringa våren 2011 har forsterka dynamikken i det utanriks- og tryggingspolitiske samarbeidet ytterlegare. Erklæringa utgjer ein politisk overbygning for at vi skal samarbeide i ei solidarisk ånd for å møte utfordringar på det utanriks- og tryggingspolitiske området og hjelpe kvarandre dersom eit nordisk land skulle bli ramma av natur- og menneskeskapte katastrofar, digitale angrep og terroristangrep.

Digital tryggleik

Digitale angrep utgjer ei stadig meir alvorleg tryggingspolitisk utfordring for alle nordiske land. Eit digitalt angrep i eitt nordisk land vil kunne ramme kritiske system og i andre nordiske land. Dei nordiske utanriksministrane er samde om kor viktig det er å styrkje nordisk samarbeid om digital tryggleik. Dette er ei konkret oppfølging av den nordiske solidaritetserklæringa. Etableringa av eit gradert kommunikasjonsnettverk mellom dei nordiske nasjonale styresmaktene, Governmental Cyber Emergency Response Team (GovCERT), er eit første skritt i retning av nordisk samarbeid om digital tryggleik.

Føremålet med eit nordisk gradert kommunikasjonsnettverk er å kunne varsle, analysere og respondere på ein sikker og effektiv måte ved digitale angrep. Ambisjonen er at kommunikasjonsnettverket skal vere på plass innan utgangen av 2012. Landa vil då ha eit viktig instrument for å kunne vidareutvikle det praktiske nordiske samarbeidet om digital tryggleik.

Det er etablert kontakt mellom dei nordiske utanriksministeria for å sjå nærare på nordiske

utanriks- og tryggingspolitiske avvegingar som er relaterte til digital tryggleik.

Forsvars- og tryggingspolitisk samarbeid

Det nordiske forsvars- og tryggingspolitiske samarbeidet vert heile tida vidareutvikla basert på felles interesser og nytteverdi, og i fleksible format av to til fem land avhengig av sakens karakter.

Dei åpne samarbeidsformene som EU og særleg NATO har med ikkje-medlemer, gjev godt rom for eit nordisk samarbeid også innanfor desse organisasjonane, både politisk og operativt. Dei nordiske landa bidreg på den måten til å bygge bru mellom NATO og EU. Det nære forsvarspolitiske samarbeidet i Norden har vorte ein modell for styrkt forsvarssamarbeid, mellom anna såkalla «Smart Defence».

Mange av dei faktorane som tidlegare var til hinder for tett nordisk tryggingspolitisk samarbeid, er i dag borte. Vi deltek i felles operasjonar, samarbeider om forsvarsmateriell, deltek i felles militære øvingar og utvekslar synspunkt i ein open og fortruleg dialog. Det stadig tettare samarbeidet endrar strukturar og haldningar og gjev oss nye moglegheiter. Vi har ein klar felles ambisjon om å fortsetje å styrkje samarbeidet.

Samtidig har dei nordiske landa til tider ulike prioriteringar, blant anna for kva operasjonar dei deltek i, og kva rammeverk det skjer innanfor. Når det gjeld sivile bidrag, prioriterer Sverige, Finland og Danmark EU-leidde operasjonar. Den norske regjeringa arbeider for å styrkje det nordiske samarbeidet til støtte for FN's fredsoperative innsats, noko det er klar interesse for hjå våre nordiske naboar. Hausten 2011 stod dei nordiske landa saman i FN om fleire innlegg om FN's fredsbevarande operasjonar i FN. Saman kan dei nordiske landa bidra til utvikling av politikk og praktiske retningslinjer i FN og til meir effektive fredsoperasjonar.

Island har oppmoda Finland og Sverige om å ta del i den regulære luftovervakinga NATO gjennomfører over Island. Det ville vere eit tydeleg uttrykk for det nære nordiske samarbeidet om tryggleik i nærområda og styrkje partnerskap og forsvarssamarbeid i NATO (jf. kap. 4.4.).

Sverige og Finland utviklar heile tida sitt forhold til NATO gjennom eit stadig tettare partnerskapssamarbeid. Nordisk tryggingspolitisk samarbeid, både i og utanfor NATO, bidreg positivt til vår eigen tryggleik og til den samla relevansen og evna til alliansen.

Det nordiske tryggingspolitiske samarbeidet i Afghanistan er òg svært viktig (jf. kap. 4.4.).

Den svenske Riksdagen har vedteke at Sverige kan ta på seg å leie EUs Nordic Battle Group i første halvdel av 2015. Noreg vil i eit heilskapsperspektiv vurdere eit eventuelt bidrag.

Havovervaking

Dei nordiske landa er inviterte til å bruke den informasjonen som er tilgjengeleg gjennom det norske havovervakingssystemet BarentsWatch. Noreg jobbar for at dei ulike systema for havovervaking som er etablerte i Norden, kan trekkje på kvarandre, og at det gode samarbeidet som er etablert, skal styrkjast i tida framover.

Fredsmeklingsnettverk

Dei nordiske utanriksministrane vart hausten 2011 samde om å etablere eit nordisk fredsmeklingsnettverk. Finland arrangerte eit første møte i januar 2012. Føremålet med nettverket er å bidra til styrkt informasjonsutveksling og på sikt bidra til praktisk samarbeid.

Nordisk ambassadesamarbeid

Samarbeidet mellom dei nordiske utanrikstenestene er behovsstyrt og skal gje meirverdi og innsparingar for alle partar. Det er semje om at det nordiske ambassadesamarbeidet skal byggjast ut og styrkjast. I tillegg til å sikre ei betre ressursutnytting vil eit tettare nordisk samarbeid vere verdifullt for å fremje felles nordiske utanrikspolitiske prioriteringar, samtidig som det gjer Norden meir synleg.

Tettast er samarbeidet der fysisk samlokalisering er eit faktum. I dag har vi ulike former for nordisk samlokalisering på rundt 30 stader verda over. Det vert no arbeidd vidare med samlokaliseringar for fleire nordiske land i Asia, Afrika, Amerika og Europa. Det vert lagt opp til at dei nordiske landa skal kunne gjere vedtak om ytterlegare nordisk samlokalisering på neste nordiske utanriksminister møte 31. oktober i år.

Andre viktige samarbeidsområde er konsulære saker, samarbeid innanfor migrasjon/utlendingsfeltet, kriseberedskap, tryggleik for utanriksstasjonane og dei tilsette og felles administrative støttefunksjonar.

Dei fleste nordiske landa er inne i ein periode med nedskjeringar i utanrikstenestene. Nordiske løysingar kan gje konkrete innsparingar og god synergi. Noreg vil framleis vere ein pådrivar for å bidra til eit stadig tettare, betre og meir effektivt samarbeid mellom dei nordiske utanrikstenestene.

Nordisk-baltisk samarbeid

Litauen leier det uformelle nordisk-baltiske utanrikspolitiske samarbeidet (NB 8) i 2012, og Noreg deltek aktivt i dette. I NB 8-samarbeidet vert det halde årlege møte både for utanriksministrane og statssekretærane i tillegg til møte på høgt embetsnivå. Tilrådingane i Birkavs-Gade-rapporten om styrkt nordisk-baltisk samarbeid vert følgde opp der dette gjev meirverdi.

Både det nordiske samarbeidet, arbeidet Nordisk ministerråd gjer i dei baltiske landa, samarbeidet i Austersjørådet, NB 8-samarbeidet under utanriksministrane og det vidare austersjøsambeidet er sentrale samarbeidsfora for fremjing av norske interesser i nærområda våre og bør vidareutviklast parallelt.

Nordisk FN-samarbeid

Det nordiske samarbeidet i FN er nært og femnar vidt. Det er utstrekt informasjonsutveksling mellom dei nordiske FN-delegasjonane, og det vert ofte halde fellesnordiske innlegg, både i Tryggingsrådet og i andre fora.

Det nordiske valsamarbeidet i FN omfattar interne nordiske rotasjonsordningar innanfor gruppa av vestlege land (WEOG). Slike rotasjonsordningar finst mellom anna for Tryggingsrådet, Menneskerettsrådet og andre sentrale FN-organ. Føremålet er å sikre at minst eitt nordisk land er representert i dei ulike organa så ofte som mogeleg. Finland er kandidat til ein ikkje-fast plass i FNs tryggingsråd for perioden 2013-14, og frå norsk side bidreg vi til å løfte kandidaturet i samanhengar der dette er naturleg. Generelt er det tett og fortløpande nordisk kontakt om alle valspørsmål i FN, mellom anna i form av jamlege møte mellom dei nordiske valmedarbeidarane.

Det er nært samarbeid mellom nordiske land i styrande organ for FNs største fond og program, mellom dei utviklingsprogrammet UNDP, barnefondet UNICEF og befolkningsfondet UNFPA.

4.3 Utanrikshandel

Det utanrikshandelspolitiske samarbeidet mellom dei nordiske landa er i dag meir uformelt enn tidlegare. Sidan Kommisjonen har ansvar for den ytre handelspolitikken i EU, er det ikkje aktuelt med eit formelt samarbeid mellom dei nordiske landa om felles posisjonar i WTO. Det er likevel god uformell kontakt i WTO-spørsmål mellom dei nordiske delegasjonane i Genève og mellom dei

nordiske deltakarane i handelskomiteen i OECD. På denne måten får Noreg informasjon om drøftingane i EU, og dei andre nordiske landa kan dra nytte av at Noreg deltek i grupperingar der EU berre er representert ved Kommisjonen. Det er jamlege nordiske konsultasjonar om handelsretta utviklingssamarbeid.

Det er brei kontakt mellom dei nordiske hovudstadene, mellom delegasjonane/ representasjonane i Brussel og mellom dei nordiske ambassadane i utanrikshandelspolitiske spørsmål. Nordisk ministerråd er òg ein arena for regelmessig nordisk dialog om aktuelle EU- og EØS-saker. Dei nordiske utanrikshandelsministrane møtast årleg til uformelt samråd om aktuelle utanrikshandelspolitiske saker. På dagsordenen står mellom anna finanskrisa og konsekvensane av ho, den nye vekst- og sysselsettingsstrategien i EU (Europa 2020), samarbeid på den indre marknaden, EU/EØS-spørsmål, ulike grensehinderspørsmål og tilhøvet mellom handel/utvikling og handel/klima. Regjeringa legg vekt på at det utanrikshandelspolitiske samarbeidet skal dyrkast og utviklast vidare.

Den tette kontakten med dei nordiske landa i spørsmål om EØS og den indre marknaden er viktig for å oppfylle ambisjonen regjeringa har om ein aktiv europapolitikk og om å arbeide målretta for å vareta norske interesser opp mot EU. Kommisjonens handlingsplan for den indre marknaden (Single Market Act) har vore drøfta under den danske formannskapet i første halvår 2012 og vil verte følgd opp i komande drøftingar mellom dei nordiske landa.

Samarbeidet med nærområda til Norden på det økonomiske og handelspolitiske området har òg vorte viktigare.

4.4 Forsvar

Fleirnasjonalt forsvarssamarbeid vert sett på som eit stadig viktigare verkemiddel for å løyse felles grunnleggjande utfordringar i forsvars- og tryggingspolitikken. Reduserte forsvarsbudsjett som følgje av finans- og gjeldskrisa, prisstiging på høgteknologisk forsvarsmateriell og grenseoverskridande tryggingsutfordringar gjer det nødvendig å styrkje forsvarssamarbeidet og finne fleirnasjonale løysingar, òg på tvers av ulike tryggingspolitiske tilknytningar. Det er på bakgrunn av at både NATO og EU har fleksible samarbeidsrammer med ikkje-medlemer, noko som gjer det mogeleg å styrkje det nordiske samarbeidet innanfor desse organisasjonane, at ein må sjå utviklinga av det

nordiske forsvarssamarbeidet, NORDEFCO, både på militært og politisk nivå.

Den nordiske verdifellesskapen og den geografiske nærleiken gjer det naturleg å samarbeide tett om felles trygging- og forsvarspolitiske utfordringar i Norden. Det er ein stadig tettare politisk dialog om dette.

Sverige og Finland er nært knytte til NATO gjennom eit velutvikla partnarskapssamarbeid, og Noreg har brei politisk og militær kontaktflate med EU. Mellom anna har Noreg to gonger delteke i EUs stridsgrupper. Vi deltek aktivt i kapabilitetssamarbeidet som forsvarsbyrået i EU (EDA) driv.

Regjeringa legg stor vekt på at den breie politiske tilslutninga i dei nordiske landa vert følgd opp gjennom praktiske sikkerhets- og forsvarspolitiske samarbeidstiltak. At ein stadig opnar opp for nye samarbeidsområde, vitnar om at satsingane frå dei nordiske regjeringane på nordisk samarbeid tilfører ein merkbar tilleggs- og nytteverdi.

Vi har vidareført det tryggingspolitiske samarbeidet med Island som kom i stand etter at USA trekte tilbake det militære nærværet sitt i 2006. Støtta frå Noreg vert høgt verdsett av islandske styresmakter.

Det praktiske militære samarbeidet i Norden er styrkt ytterlegare det siste året og har vekt interesse også utanfor Norden. Det overordna føremålet med samarbeidet er å finne fram til løysingar som kan redusere kostnader og auke den operative evna. Rasjonaliseringseffektane av eit sterkare nordisk samarbeid kan leggje til rette for at Noreg kan verkeleggjere eit høgare forsvarspolitisk ambisjonsnivå det enn det ein kunne oppnå utan eit slikt samarbeid.

Samarbeid om operasjonar står sentralt. I tillegg til det nemnde samarbeidet om EU-stridsgruppene blir det arbeidd med å styrkje samarbeidet i Afghanistan. Noreg vil etter oppmoding frå ISAF avvikle den norskeleide Transition Support Group i Faryab-provinsen hausten 2012. Noreg, Finland, Sverige og Latvia skal i samarbeid lære opp og gje råd til afghansk politi i Mazar-e Sharif nord i landet. Det norske bidraget vil verte utplassert frå årsskiftet 2012/2013 og vil til å byrje med omfatte om lag 80 personell frå Forsvaret, for deretter å verte gradvis redusert til 60 fram mot sommaren 2013. I tillegg ser ein på korleis det kan samarbeidast innanfor ei nordisk ramme om heimtransporten frå Afghanistan og bidrag til NATO-operasjonen etter 2014. Denne operasjonen vil ha fokus på rådgjeving, opplæring og støtte og vil ikkje innebere kampoppdrag.

Dei nordiske landa vurderer fortløpande om det lèt seg gjere å stille eit felles bidrag til ein FN-leidd operasjon. Dette vil verte meir aktuelt etter kvart som operasjonen i Afghanistan vert trappa ned og frigjer ressursar til andre innsatsområde. Våren 2012 tok Noreg eit nytt initiativ for å leggje til rette for gjennomføring av denne mangeårige nordiske ambisjonen om å stille eit felles militært bidrag i ein FN-operasjon. Det første konsultasjonsmøtet i Oslo i mai skal følgjast opp med eit nytt møte i København hausten 2012. Eit nordisk samarbeid om støtte til afrikansk kapasitetsbygging i Aust-Afrika går ut på å medverke til at Den afrikanske unionen sjølv kan handtere kriser på det afrikanske kontinentet.

Samarbeidet om trening og øving aukar. Særleg gjeld dette for kampfly. Kvar veke er det samtraining organisert av luftvingane i Bodø, Kallax og Rovaniemi. Dette gjev svært nyttig trening til redusert kostnad, ettersom dei korte avstandane gjer at ein slepp å deployere luftstyrkane. Tilgjengelege nordiske trenings- og øvingsområde for land- og luftstyrkar utgjer eit område på storleik med Tyskland, noko som gjev eit unikt grunnlag for eit kostnadseffektivt operativt samarbeid. Island har oppmoda Sverige og Finland om å delta i luftovervakinga NATO gjennomfører av det islandske luftrommet. Eit vidare nordisk samarbeid på dette området vil følgje naturleg av det kampflysamarbeidet som allereie er godt utvikla. Noreg stiller seg positiv til å støtte Sverige og Finland dersom dette skulle verte ein realitet.

Kapabilitetssamarbeidet vert òg styrkt fortløpande. Dei nordiske landa har identifisert nokre prioriterte område der behova er samanfallande. Blant desse områda er motmiddel mot improviserte bomber, langtrekkjande presisjonsvåpen, ubemanna system, luftovervaking, bakkebasert luftforsvar, framtidas bataljonsystem og felles logistikk-løysingar. Samtidig vert det arbeidd med å styrkje og vidareutvikle nordisk materiell- og industrisamarbeid. Eksempel på dette er det norsk-svenske innkjøpet av nytt rørartillerisystem (Archer), det pågåande norsk-svenske fellesinnkjøpet av nye transportkøyrerøyr og nyinnkjøpet og oppgraderinga av den svenske stormpanservogna CV90 i Hæren. Det pågåande finske innkjøpet av det norskutvikla bakkebaserte luftvernssystemet NASAMS II gjev gode utsikter til langiktig militært og industrielt samarbeid.

Ein studie er i ferd med å vurdere om det kan setjast i gang eit nordisk samarbeid om taktisk lufttransport. Gruppa har fått eit vidt mandat, der ulike grader av integrasjon av transportflyflåtane i dei nordiske landa skal utgreiast.

Som ein konsekvens av det aktive engasjementet i internasjonale operasjonar samarbeider dei nordiske landa om løysingar for å vareta behova til veteranane. Samarbeidet omfattar mellom anna erfaringsutveksling, forskning og utvikling og tiltak for å styrkje statusen til veteranane.

Ein nordisk tryggingssavtale gjer det mogeleg å utveksle gradert nasjonal informasjon mellom dei nordiske landa. Det er inngått ein avtale som skal regulere informasjonsutveksling og varetaking av opphavsrettar i samband med nordisk kapabilitetssamarbeid. Arbeidet med å forenkle prosedyrane for grensekryssing av militært personell og materiell mellom dei nordiske landa held fram.

4.5 Utviklingssamarbeid

Noreg er ein pådrivar for å styrkje det nære samarbeidet med dei andre nordiske landa. Hovudformålet er å leggje til rette for meir effektiv bistand, i tillegg til å bruke bistanden meir strategisk for å utløyse andre og mykje større pengestraumar. Dette skjer primært gjennom Nordic Plus-samarbeidet, der også Irland, Nederland og Storbritannia deltek. Siste møtet mellom utviklingsleiarane i dei respektive landa stadfesta at det er brei semje om at bistanden kan gjerast meir effektiv, både gjennom bilaterale og multilaterale kanalar. Målsetjinga er å intensivere den globale kampen mot fattigdom i ei tid med fleire store globale kriser. I tillegg diskuterer gruppa andre dagsaktuelle politiske tema der ei samordna tilnærming kan gje meirverdi. Gruppa har ein positiv innverknad på politikkkutforminga i EU når det gjeld bistand, men òg andre politiske tema. Ein studie gjort av Norad om arbeidsdeling (2010) viser at det i fleire av samarbeidslanda er etablert eit godt samarbeid mellom Nordic Plus-landa, mellom anna eit delegert samarbeid for å redusere overføringskostnader og for å rasjonalisere samarbeidet på landnivå.

Samarbeidet med Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane er formalisert gjennom ein omfattande nordisk koordineringsprosess og ei rotasjonsordning for representasjon i dei styrande organa. I Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane har Noreg i dei fleste sakene samanfallande interesser med dei andre nordiske landa, og i styra i institusjonane er det tett nordisk samarbeid. Felles posisjonar vert utforma heile tida, og det vert halde felles innlegg under årsmøte og møte i utviklingskomiteen i Verdsbanken, Det internasjonale valutafondet (IMF) og under årsmøta i dei regionale utviklingsbankane. Det er

øg møte på ministernivå og statssekretærnivå der den meir overordna politikken overfor Verdsbanken vert drøfta. Dei nordiske landa legg i det daglege arbeidet sitt vekt på å sikre at den overordna målsetjinga om fattigdomsreduksjon vert styrande for utforminga og gjennomføringa av verksemda i utviklingsbankane.

Nordisk utviklingsfond (NDF) fekk i 2009 eit endra mandat med fokus på klimatiltak i fattige

land og overgang frå utlån til gåvebistand. Ei fersk evaluering konkluderer at NDF har klart omstillinga godt og leverer gode resultat med eit lite, men effektivt administrativt oppsett. Innsatsen til NDF er godt koordinert med verksemda i andre nordiske institusjonar som NIB og miljøfinansieringsselskapet NEFCO, og bidreg til integrering av miljø i utviklingssamarbeidet.

5 Fagleg samarbeid i ministerrådet

5.1 Kultur

Det nordiske kultursamarbeidet er breitt og spenner frå folkeleg fellesskap til virket til den enkelte kunstnaren. Begge delar skal få utfolde og utvikle seg. Institusjonane og programma til Nordisk ministerråd bidreg til å skape gode og fleksible rammer for kultursamarbeidet.

Formannskapsprogrammet for kulturområdet har som utgangspunkt at ein berekraftig kulturpolitikk må leggje til rette for at alle skal ha like sjansar til å ta del i kulturlivet og samfunnet. Eit anna viktig tema for formannskapet er eit nordisk løft for barne- og ungdomslitteratur, mellom anna ein eigen nordisk pris.

Utforming av det norske formannskapsprogrammet for 2012 var ei sentral oppgåve i 2011. Hovudoppgåvene som formannskapsland i første del av 2012 har dreidd seg om å gjennomføre sektorprogrammet for kulturområdet, vere vertskap for ministerrådet for kultur (MR-K) og leie arbeidet på embetsnivå. Dei nordiske kulturministrane slutta seg på møtet i Oslo i april til satsinga på eit løft for nordisk barne- og ungdomslitteratur, og det vil bli lagt fram eit ministerrådsforslag om satsinga til Nordisk råds sesjon hausten 2012. MR-K gav òg si tilslutning til arbeidet med ein ny strategi for kultursamarbeidet som skal gjelde for åra 2013-2020. Arbeidet vart starta tidleg i 2012 og vil gå fram til ministemøtet 31. oktober 2012. Strategien har fem hovudtema: Det berekraftige Norden, Det kreative Norden, Det interkulturelle Norden, Det unge Norden og Det digitale Norden. Ved hjelp av desse hovudoverskriftene ønskjer kulturministrane å fange opp endringar og utfordringar i dagens samfunn generelt og kulturlivet spesielt. I arbeidet med strategien er det halde fleire seminar med relevante nordiske aktørar og fagmiljø i løpet av våren 2012.

Biblioteket som møtestad og kulturarena i digital tid er eit av fleire tema i formannskapsprogrammet, som vert følgd opp m.a. med ein temadebatt i samband med ministemøtet i april og seinare ein nordisk fagkonferanse i Oslo i mai.

Norden er hovudtema på bokmessa i Göteborg i september 2012. Ministerrådet vil gjennom

seminar og andre tiltak setje kultur, mangfald og identitet i Norden på dagsordenen for bokmessa. Det vert i tillegg gjennomført eit arrangement i samarbeid med Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet der ein vil syne korleis personar med nedsett funksjonsevne kan verte meir synlege aktørar i media.

Med eit ønske om å gjere det nordiske kulturtilbodet meir tilgjengeleg for innbyggjarane i alle nordiske land har Nordisk ministerråd for kultur, i samarbeid med Nordisk råd, teke initiativ til ei undersøking for å kartleggje korleis tilgangen til kultur frå nabolanda kan betrast. Resultata av kartlegginga vil bli lagt fram i ein rapport hausten 2012.

Hausten 2012 skal det òg arrangerast eit nordisk symposium i Oslo om samfunnsansvaret arkitekturen har i den nordiske velferdsstaten. Formannskapet arbeider òg for å vidareføre satsinga på kulturnæringar i Norden, m.a. gjennom Krea-Nord, som er samlingspunktet for utvikling og styrking av kulturnæringar og kreative næringar i regionen. Prioriterte område i 2012 er fremjing av nordisk musikk og film. I arbeidet med å profilere Norden som ein kreativ, levande og dynamisk region vil den nordiske festivalen på Kennedy Center i Washington D.C. i februar 2013 verte ein viktig arena for kunst og kultur frå heile Norden.

Dei tre programma til ministerrådet – kultur- og kunstprogrammet, det nordisk-baltiske mobilitetsprogrammet og det nordiske dataspillprogrammet – gav i 2011 støtte til over 400 prosjekt.

Samarbeidsstrukturen for det nordiske kultursamarbeidet vart evaluert i 2011. Med fokus på dei nye elementa i denne strukturen gav evalueringa ei i hovudsak positiv vurdering. Som ei oppfølging av evalueringa vart Nordens institutt i Finland (Nifin) og Kulturkontakt Nord, forvaltningsorganet til kultur- og kunstprogrammet og det nordisk-baltiske mobilitetsprogrammet, slått saman frå 1. januar 2012. Denne samanslåinga gjev større armslag til å skape nordisk nytte. Institusjonen får større tyngde og breidde, og slik vert Norden og det nordiske kultursamarbeidet synleggjorde. Den nye institusjonen – Kulturkontakt Nord – har tre hovudoppgåver: å forvalte pro-

gramma til Nordisk ministerråd, å fungere som nordisk møteplass med sikte på å styrkje nordisk språk og kultur i Finland og å vere informasjonspunkt for nordisk kultursamarbeid. Samanslåinga har skapt positive synergjar og bidrege til å skape ein meir interessant og mangfaldig institusjon for kulturlivet i Finland og Norden.

Nordisk kulturfond

Fondet støttar nordisk samarbeid i det profesjonelle kulturlivet og i frivillig sektor. Fondet vil arbeide for å skape nordiske møteplassar i form av arbeidsseminar og nordiske nettverk. Fondet prioriterer aktivitetar som aktivt og konkret gjer det enklare for barn og unge å ta del i det nordiske kultursamarbeidet, og som bidreg til å styrkje den nordiske språkforståinga. Fondet gjev i 2012 ei særleg løyving på 3 millionar DKK til Nordisk kulturfestival for barn og unge, med fokus på kultur som vert utøvd av barn og unge.

5.2 Utdanning og forskning

«Velferd i praksis» er tittelen på programmet for den norske formannskapet i ministerrådet for utdanning og forskning i 2012. Dialogen med dei nordiske landa om kompetansen til velferdsyrke og innovasjon i tenestene tek utgangspunkt i perspektiv frå stortingsmeldinga om utdanning og forskning knytt til velferdsyrke (Meld. St. 13 (2011–2012)) som er relevante for alle dei nordiske landa.

Alle globaliseringsprosjekt i Ministerrådet for utdanning (MR-U) vert gjennomførde og avslutta i løpet av 2012. Ministerrådet for utdanning og forskning vil ta ansvaret for å følgje opp ein del av det føreslåtte nye initiativet for berekraftig nordisk velferd. Tiltak som fremjar utdanning for arbeid og velferd vil verte prioritert i 2013, når det mellom anna skal setjast i gang ein komparativ studie av velferdsutdanningane i Norden og eit nordisk prosjekt om læring i og gjennom arbeid. MR-U vil òg bidra i utdannings- og forskningssamarbeidet innanfor ramma av det nye initiativet NordMin.

Nordplus-rammeprogrammet vert vidareført som eit samlande instrument for den nordiske og nordisk-baltiske satsinga på utdanningssamarbeid og eit felles utdanningsområde, og Nordplus 2012–2016 vart lansert 1. januar 2012. *Education for tomorrow* er eit nytt nordisk utdanningsforsknings- og formidlingsinitiativ som vart etablert i år med eit totalt budsjett på 75 millionar kroner. Dei første

vedtaka om prosjektløyvingar er tekne hausten 2012. Neste steg i dette programmet er ei større utlysing av eit «Nordic Centre of Excellence in educational research» hausten 2012.

Organisering og arbeidsmåtar på området til MR-U er i 2012 gjennomgådde av ei intern arbeidsgruppe leidd av Noreg. På grunnlag av tilrådingane frå gruppa skal det utarbeidast framlegg til tiltak som kan bidra til eit meir dynamisk og politisk relevant arbeid i regi av MR-U.

Grunnskule og vidaregåande opplæring

Den norske formannskapet vil bidra til å fremje forståinga for demokratiske verdiar og evner og sjå nærare på korleis dei kjem til uttrykk i opplæringa og i kunnskapen til elevane i Norden. Det skal arrangerast ein konferanse i Oslo om demokratisk beredskap i oktober 2012, med lærarutdannarar som målgruppe.

Andre arrangement under formannskapet er mellom anna nordisk seminar om lesing, skrivning og rekning i dei yrkesfaglege studieprogramma som skal arrangerast i månadsskiftet oktober/november 2012, og ein nordisk konferanse om oppfølging av marginalisert ungdom gjennom betre tverretatleg samarbeid.

Det er vedteke å opprette eit nytt og utvida analysearbeid om nordiske resultat i internasjonale studiar, med rapportering kvart anna år.

Det er vurdert om det kan setjast i gang eit nordisk samarbeid om felles utdanningstilbod for små og verneverdige fag / små handverksfag, med utgangspunkt i den nordiske gymnasieavtalen på nivået for vidaregåande skule og mobilitetsprogrammet Nordplus junior. Hausten 2012 vert det sett i verk eit prosjekt der Noreg, Danmark og Island går vidare med å prøve ut samarbeid i faget båtbyggjar/trebåtbyggjar.

Nordens Velferdssenter utviklar på oppdrag av Nordisk ministerråd ein nettbasert kunnskapsbank for tiltak som kan hindre at ungdom fell utanfor utdanning og arbeid. Prosjektet går i perioden 2012–2014. Målet er at kunnskapsbanken på lengre sikt blir ein felles nordisk idépool for beslutningstakarar i dei nordiske landa og andre aktørar med interesse for temaet.

Hausten 2012 skal det òg arrangerast eit nordisk seminar med erfaringsdeling om tilrettelegging av digitaliserte medieklipp for skulen. Hovudtema er deling av digitalt innhald og erfaringsutveksling for å utvikle betre IKT-tenester. Invitasjonen går til allmennkringkastarar og nordiske utdanningsstyresmakter.

Det er vedteke å lyse ut og gjennomføre ein komparativ studie av rammeplanane for innhaldet i dei nordiske barnehagane.

Grøn vekst

Med bakgrunn i bestillinga frå dei nordiske statsministrene hausten 2011 skal det utarbeidast ein handlingsplan med vekt på korleis både utdanning og forskning kan fremje grøn vekst. Erfaringar frå toppforskningsinitiativet (TFI) for klima, energi og miljø og spørsmål som gjeld grøn IKT, skal takast med i vurderinga av ny innsats.

Det er vedteke at Den nordiske klimadagen ikkje skal vidareførast i si noverande form med særskilte kampanjar og årlege tiltak, sidan han ikkje har hatt tilstrekkeleg oppslutning i dei nordiske skulane. Utvikla materiell skal haldast oppdatert og vere tilgjengeleg.

Læring for vaksne

Noreg brukar òg formannskapet til å arbeide med læring for vaksne. I mars 2012 vart det gjennomført ein nordisk/europeisk konferanse om realkompetanse med presentasjon av gode eksempel og av utfordringane som er knytte til å kome vidare med verdsetjing av ikkje-formell og uformell kompetanse. I juni 2012 arrangerte Noreg ein nordisk konferanse om innovasjon i læring for vaksne og innovasjon og kreativitet i lys av den nordiske velferdsmodellen. I september 2012 skal det arrangerast ein konferanse for lærarar og leiarar som arbeider med språkopplæring for vaksne innvandrarar med svært kort eller ingen formell skulegang frå heimlandet. Deltakarar frå alle dei nordiske landa er inviterte.

Nordisk nettverk for voksnes læring (NVL) har vorte evaluert, og nettverket skal vidareførast for ein fireårsperiode (2013-2016), med Vox som forvaltningsorgan. Alle nordiske land unnateke Island er med i eit nordisk samarbeid som førebuing til at resultata frå den omfattande studien PIAAC vert offentlege i 2013. Den nordiske rapporten skal liggje føre i 2014.

Ved utarbeiding av dei nasjonale kvalifikasjonsrammeverka har dei nordiske landa gått saman i eit nettverk for å utveksle erfaringar og drøfte problemstillingar.

Høgare utdanning

Nordiske universitet og høgskular satsar på kvalitet gjennom samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK). Kunnskapsdepartementet

arrangerte i samarbeid med Nordisk ministerråd og Nordisk universitetssamarbeid (NUS) ein nordisk konferanse om SAK. Meirverdien som kan liggje i nordisk SAK, var òg tema på møtet mellom dei nordiske utdannings- og forskingsministrane våren 2012.

På nordisk nivå vert det arbeidd med tilrettelegging for felles bruk av det europeiske klassifiseringsverktøyet U-map for å beskrive høgare utdanningsinstitusjonar i Norden.

Det er utlyst ny søknadsrunde for nordiske masterprogram. Evalueringa viser gode og nyttige erfaringar når det gjeld kvalitet, organisering av fellesgrader, vurdering av grensehinder og marknadsføring av Norden. Endelig organisasjonsform av programmet skal vurderast i løpet av 2012.

Den nordiske avtalen om opptak til høgare utdanning i Norden vert forhandla på nytt i 2012. Det er semje om å fornye avtalen, og det er i gang prosessar for å få til nødvendig forankring, mellom anna parlamentarisk behandling av saka i dei nordiske landa der dette er påkravd.

Forskning og innovasjon

Under den norske formannskapet i 2012 har det vorte arbeidd for å vidareutvikle det nordiske forskings- og innovasjonsområdet. Nordisk samarbeid kan òg vere ein inngang til deltaking i forskingsaktivitetane i EU. Noreg vil arbeide for å utnytte nordisk samarbeid som ein plattform for deltaking i EUs forskningssamarbeid.

Ministerrådet for utdanning og forskning har teke initiativ til ein gjennomgang av det nordiske forskningssamarbeidet. Ei nordisk høgnivågruppe leverte rapporten «Vilja till forskning?» i slutten av 2011. Det vert no arbeidd med å følgje opp tilrådingane i rapporten, som omfattar forslag om betre samspel mellom forskning, høgare utdanning og innovasjon, felles bruk av infrastruktur, opning av nasjonale forskingsprogram for nordiske forskarar, tiltak for å fremje forskarmobilitet og tiltak for å fremje samspelet mellom Norden og EU.

NordForsk gjennomførte i mars 2012 ein konsultasjon om eit nytt nordisk forskingsprogram på helse- og velferdsområdet. Arbeidet skal vidareførast i løpet av hausten 2012 i dialog med dei nasjonale forskingsråda.

I november 2012 arrangerer den norske formannskapet for MR-U eit nordisk ekspertseminar om kjønnsbalanse i forskning, i samarbeid med KIF-komiteen, Noregs forskingsråd, Barne- og likestillingsdepartementet og NordForsk. Ei kartlegging av situasjonen i dei nordiske landa skal leggjast fram og drøftast på seminaret.

Nordiske språk og språkforståing

Språkforståinga hjå barn og unge er høgt prioritert i det nordiske arbeidet. I kultursektoren finn vi sentrale verkemiddel for å fremje nordiske språk og språkforståing. Nordisk ministerråd skal innan utgangen av 2012 avgjere om organiseringa av språkområdet skal vidareførast i noverande eller endra form. På bakgrunn av dette vart det bestilt ei ekstern evaluering av organiseringa av språkområdet. Rapporten skal behandlast hausten 2012, etter høyring i dei evaluerte einingane.

I Noreg har undersøkinga «Spørsmål til Skole-Norge 2012» vist ein auke i talet på skuleeigarar og skular som rapporterer positivt om opplæring i nabospråk, samanlikna med 2010. Gjennom Foreningen Norden vert tiltak som har gjeve god effekt etter den nordiske språkkampanjen i 2011, vidareførte. Forfattarbesøk i skulen er eit eksempel på tiltak som fremjar nabospråkforståing.

IKT

IKT-området er plassert under ministerrådet for utdanning og forskning. På dette feltet er det, som oppfølging av rapporten Nordic Public Sector Cloud Computing, teke til orde for eit tettare nordisk samarbeid. Det omfattar etablering av tre grupper for høvesvis erfaringsutveksling, regelverk og offentlege innkjøp. Noreg er representert i alle tre gruppene, med deltakarar frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, Difi, Datatilsynet og NAV.

5.3 Miljø

På miljøområdet har det vorte fokusert på klima og grøn økonomi. Det vart halde ein nordisk konferanse om grøn økonomi våren 2012 som ei oppfølging av rapporten «Norden – ledende i grønn økonomi», og det vert framleis bygd opp meir kunnskap på feltet.

På miljøministermøtet på Svalbard i mars 2012 fokuserte ministrane på utfordringane som er knytte til smeltinga i Arktis, og vedtok ei erklæring om vidare samarbeid for å avgrense utslepp av kortleva klimadrivarar i Norden. Erklæringa vart følgd opp med eit arbeidsseminar om det same temaet i juni 2012.

Rammene for samarbeidet følgjer av det nordiske miljøhandlingsprogrammet. Eit nytt program frå 2013 til 2018 er blitt utvikla under norsk-formannskap og vil bli vedteke på Nordisk miljøministermøte 31. oktober. Fokuset vil vere grøn

samfunnsutvikling, klimaendringar og luftforureining, biologisk mangfald og økosystemtenester, både landbaserte og i havet, og helse- og miljøfarlege kjemikaliar.

Miljø- og finanssektoren har saman utarbeidd fleire rapportar om grøn økonomi som har vekt stor interesse i og utanfor Norden, mellom anna om miljøskadelege subsidiar, karbonlekkasjar, verdsetjing av økosystemtenester i nordiske vassdrag og rett bruk av miljøindikatorar. For 2011–2012 har samarbeidet mellom miljø og økonomi fokus på «grøn økonomi», med ein rapport om erfaringane, resultata og utfordringane til dei nordiske landa når det gjeld miljøpolitikk og økonomiske verkemiddel.

På klimaområdet er det eit aktivt samarbeid under Nordisk ministerråd. Det er oppretta ei eiga nordisk arbeidsgruppe for dei globale klimaforhandlingane. Gruppa bidreg med relevante analysar i forkant av dei formelle forhandlingane og skapar møteplassar for drøftingar og utvikling av forhandlingsrelevante konsept og idear som er til nytte når landa skal førebu sine forhandlingsposisjonar. Nordic Partnership Initiative i samarbeid med NEFCO og NDF er eit prosjekt under forhandlingsgruppa der ein ser nærare på korleis industriland kan bidra finansielt til å redusere klimagassutslepp i spesielle sektorar i utviklingsland. Det er eit mål at pilotprosjekta i sementsektoren i Vietnam og avfallssektoren i Peru skal starte i 2012. Initiativet er eit eksempel på korleis Norden kan spele ein konstruktiv rolle i det internasjonale klimaarbeidet ved å utvikle nye konsept og idear.

På biomangfaldsområdet er det arbeidd vidare med utviklinga av økosystemtenestetilnærminga (TEEB) som verktøy gjennom eit prosjekt om den økonomiske vurderinga av økosystemtenester og velferd i nordiske kommunar, ei vurdering av biomangfald og binding og lagring av karbon i skog. Verdsetjing av økosystemtenester og naturkapitalen, slik at overforbruket av natur- og miljøressursar kan reduserast, er viktig. Denne tilnærminga vil kunne supplere tradisjonelle velferds mål som BNP per innbyggjar og bidra til ei betre måling av samla velferd. Det skal haldast eit arbeidsseminar om verdsetjing av økosystemtenester i skog i 2012.

I Noreg skal det ferdigstillast ein heilskapleg forvaltningsplan for Nordsjøen innan 2013, medan Danmark, Sverige og Finland skal utarbeide tilsvarende planar i tråd med EUs havstrategidirektiv innan 2015. Dette gjev gode utsikter for samarbeid om både ei felles framstilling av miljøtilstanden i Nordsjøen og felles tiltak. Vidare samarbeid

der landa om aktuelle tema, som effektane av havforsuring og marint søppel.

I arbeidet med berekraftig produksjon og forbruk er det m.a. sendt innspel til revideringa av EUs handlingsplan for berekraftig produksjon og forbruk. Det er òg gjennomført diverse prosjekt i samband med gjennomføringa av strategien for «En ny visjon for svanen 2015», og det vert arbeidd for å sikre betre organisering, koordinering og synergieffektar på nordisk nivå i samarbeid med andre sektorar. På avfallsområdet skal det i september haldast eit nordisk seminar om avfall med fokus på auka resirkulering av plast og tekstilar. På avfallsområdet skal det i september haldast eit nordisk seminar om avfall med fokus på auka resirkulering av plast og tekstilar.

5.4 Nærings-, energi- og regionalpolitikk

I formannskapsåret 2012 vidarefører Noreg arbeidet med dei seks fyrtårnsprosjekta og det kontinuerlege arbeidet med m.a. grensehinder, samtidig som vi set fokus på tema som samfunnsansvar og kreative næringar.

Det nordiske samarbeidet innanfor næringsområdet er forankra i Nordisk samarbeidsprogram for innovasjon og næringspolitikk 2011-2013. Visjonen er å styrkje den globale rolla Norden spelar som ein leiande region innanfor grøn vekst og velferd. Samarbeidsprogrammet inneheld seks fyrtårnsprosjekt. Noreg har ansvar for eit prosjekt som skal fremje innovasjon gjennom offentlege innkjøp i helsesektoren. Føremålet er å utløyse potensialet som ligg i offentlege innkjøp, for å skape innovative og kostnadseffektive løysingar innanfor helsesektoren og på den måten bidra til betre tenester for innbyggjarane, utvikling av offentlig sektor og ei meir innovativ leverandørnæring.

Målet for dei fem andre prosjekta er oppretting av eit nordisk innovasjonsforum, ein fellesnordisk CSR-strategi, eit kunnskapssenter for entreprenørskap, eit nordisk program for klimavennleg bygging og felles marknadsføring av innovative verksemder. Det er generelt god framdrift i fyrtårnsprosjekta.

Næringsområdet har ansvaret for to område under initiativet frå statsministrane på grøn vekst. Nordisk Innovasjon har på vegner av næringsministrane kartlagt hindringar og potensial på området tekniske standardar innanfor byggnæringa. Arbeidsgruppa for berekraftig utvikling arbeider med området grøne offentlege innkjøp.

Ein fellesnordisk strategi for samfunnsansvar er ferdigstilt, og det er oppretta samarbeid mellom dei nasjonale kontaktpunkta for OECD-retningslinjene i dei ulike landa. Parallelt med næringsministermøtet hausten 2012 skal det arrangerast ein formannskapskonferanse om samfunnsansvar.

Energi

Det nordiske energisamarbeidet byggjer på handlingsplanen for det nordiske energisamarbeidet 2010-2013 med fokus på ein nordisk elektrisitetsmarknad, fornybar energi, energieffektivitet, energi i område med spreidd folkesetnad og Norden i eit globalt perspektiv. I tillegg har forskning og teknologiutvikling hatt høg prioritet på energiområdet gjennom eit nordisk energiforskningsprogram (NEF). Globaliseringsinitiativet og grøn vekst-initiativet har gjeve nye impulsar til det nordiske energisamarbeidet. Energisamarbeidet under NMR har fått ansvar for å gjennomføre ei rekkje av initiativa i rapporten til dei nordiske statsministrane om grøn vekst. Det er sentralt for det nordiske energisamarbeidet å spele ei aktiv rolle i samband med utforminga av energipolitikken i Europa innanfor ramma av EU/EØS.

Ei prioritering av det nordiske elektrisitets-samarbeidet vert rekna som spesielt viktig. Det nordiske samarbeidet på elektrisitetsområdet har styrkt forsyningstryggleiken, betra utnyttinga av dei samla nordiske kraftressursane, auka investeringane i overføringssamband mellom landa og fremja transparens i marknaden. Det blir òg arbeidd med sikte på ein felles nordisk sluttbrukarmarknad. Dette er viktige steg på vegen mot ein integrert nordisk kraftmarknad.

Auka satsing på fornybar energi og energieffektivisering er ein del av den energipolitiske responsen på klimautfordringa. Dei nordiske landa har ei felles interesse av å sjå på korleis dei kan innrette verkemiddelbruken og markere leiarskap på desse områda. Utvikling av rammevilkår for energieffektivisering og fornybar energi blir dermed spesielt interessant for dei nordiske landa i lys av utviklinga av direktiv og nye initiativ i EU og EØS. Det er etablert arbeidsgrupper innanfor fornybar energi og energieffektivisering. Dette arbeidet er vidareført i 2011 og 2012. Gjennomføring av EU-direktivet for å fremje fornybar energi står sentralt som samarbeidsområde i handlingsprogrammet for 2010-2013. Dette omfattar arbeid knytt til korleis samarbeidsmekanismene mellom land som er nedfelte i direktivet, kan utviklast.

Eit prosjekt om nordiske energikommunar har vorte gjennomført i 2010 og 2011. Føremålet var ein konkurranse mellom berekraftige energikommunar. Frå norsk side vart Sunndal og Drammen kommunar nominerte, og nordiske energiløysingar på kommunalt nivå har vorte presenterte på internasjonale konferansar som klimakonferansen (COP) og Rio+20.

Samarbeid i formatet nordisk/baltisk 8-samarbeidet finn òg stad i regi av den norske formannskapet i Nordisk ministerråd. I 2012 vert det arrangert eit seminar om utfordringane i politikken som er knytte til energieffektivisering og fornybar energi i Estland. I forkant av energiministtermøta i EU vert det halde ein uformell konsultasjon på ministernivå i NB 8-kretsen om sakene på EUDagsordenen 23 gonger i året. Formannskapet i Nordisk ministerråd inviterer til desse møta.

Dei nordiske energiministrane deltek i Baltic Sea Region Energy Co-operation (BASREC). Dei nordiske landa er pådrivarar i BASREC-samarbeidet. Det vart halde eit ministermøte i BASREC i mai 2012, og BASREC og Nordisk ministerråd har gjennomført felles aktivitetar, m.a. ved Rio+20-konferansen.

Når det gjeld Norden og internasjonalt energisamarbeid elles, er det lagt vekt på samarbeidet med Nordvest-Russland og Austersjøområdet. I samband med Barents Euro Arctic Cooperation har Nordisk ministerråd støtta energieffektiviseringsinitiativ og arbeidsseminar i 2011 og 2012.

Det er etablert eit velfungerande nordisk samarbeid om energiforskning. Nordisk energiforskning (NEF) er ein institusjon under Nordisk ministerråd lokalisert i Oslo. Institusjonen har til føremål å vidareføre og fremje det nordiske samarbeidet på energiforskningsområdet gjennom å leggje til rette for auka kompetanse, konkurransevne og verdiskaping i energisektoren i Norden. I strategien for 2010-2013 skal det fokuserast på reinare teknologiar og løysingar, til dømes vindkraft, solenergi, bioenergi, havenergi, systemløysingar og intelligente infrastrukturløysingar. Nordisk energiforskning er samfinansiert av dei nordiske landa med ca. 29 millionar kroner årleg.

Regionalpolitisk samarbeid

Ei sentral oppgåve for den norske formannskapet i 2012 er å etablere eit nytt samarbeidsprogram for 2013-2016. Visjonen er at Norden skal vere leiande i utviklinga av ein ny og meir kraftfull regionalpolitikk. I det nye samarbeidsprogrammet skal det leggjast vekt på den konstruktive politiske dialogen mellom dei nordiske landa. Erfaringsut-

veksling har stor verdi, og det vert vurdert å gje Nordregio ei tydelegare rolle. Nordisk ministerråd delfinansierer Nordregio, som utviklar vitenskapleg basert kunnskap om regionalpolitiske problemstillingar. Instituttet arbeider med studiar der den regionale utviklinga og regionalpolitikken i dei nordiske landa vert samanlikna. Arbeidet til Nordregio vert òg brukt aktivt i norsk samanheng.

Nordisk ministerråd gjev økonomiske bidrag til verksemda i tolv grensekomitear, der Noreg deltek i sju. I desse grenseoverskridande samarbeidskomiteane blir det lagt vekt på breie strategiske tiltak som reduserer grenseregionale utfordringar og dannar grunnlag for å utvikle potensialet i grenseregionane. Mykje av innsatsen gjeld auka mobilitet for bedrifter og enkeltpersonar for å redusere grensehinder. Nordisk ministerråd finansierer òg NORA der Nord-Noreg og Vestlandet, som representerer Noreg, samarbeider med Færøyane, Island og Grønland.

5.5 Barn og ungdom

Nordisk ministerråds strategi for barn og unge i Norden frå 2010 er retningsgjevande for den samla aktiviteten ministerrådet driv overfor barn og unge. Nordisk barne- og ungdomskomite (NORDBUK) har under den norske formannskapet i 2012 eit særskilt fokus på ungdom som fell ut av skule og utdanning, ungdom og demokratisk deltaking og ungdom og likestilling. Ungdomsarbeidsløyse vil òg vere eit prioritert område for Nordisk ministerråd i 2013.

I handlingsplanen til NORDBUK for perioden 2010–2013 vil m.a. innsatsen for å styrkje samarbeidet på tvers av sektorane stå sentralt. Komiteen arbeidar strategisk ut mot dei andre fagkomiteane i Nordisk ministerråd og opp mot samarbeidsministeren for å sikre ein heilskapleg og samordna nordisk barne- og ungdomspolitik på tvers av ulike sektorar. Å leggje til rette for eigenorganisering og nordisk samarbeid blant unge, deltaking og innverknad i demokratiske prosessar, kulturelt mangfald, menneskerettar, internasjonalt samarbeid og koordinering av barne- og ungdomsforskning er viktige oppgåver for NORDBUK.

Dei nordiske landa samarbeider om å handtere internasjonale barnebortføringar. Årleg blir det halde uformelle samarbeidsmøte mellom representantar for dei nordiske landa for å diskutere både generelle problemstillingar og konkrete saker.

5.6 Jord- og skogbruk

Ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) arbeider for ein berekraftig og konkurransekraftig bruk av naturressursar, mellom anna dei genetiske ressursane. Rammeprogrammet (2013–2016) peikar på moglegheiter og utfordringar på området og utgjer saman med dei årlege formannskapsprogramma handlingsprogrammet for samarbeidet.

Under den norske formannskapen vart ministermøtet i MR-FJLS gjennomført i Trondheim i juni 2012. Her vart temaet grøn omsorg, òg kalla «Inn på tunet», introdusert i det nordiske samarbeidet, og det vart utveksla idear og erfaringar på eit eige seminar. På ministermøtet samla ministrane seg om ei erklæring – Nidaros-erklæringa – om ansvaret som ligg hjå primærnæringane og matsektoren for å oppnå grøn vekst. Ministrane poengterte at primærnæringane og foredlingsindustrien er sentrale faktorar for grøn vekst og ønskjer å knyte MR-FJLS opp mot rapporten frå statsministrane kalla «Norden – ledande i grøn tilvækst». Erklæringa inneheld ei rekkje tiltak MR-FJLS vil leggje vekt på for å bidra til styrkt grøn verdiskaping.

Ny nordisk mat

Det nordiske samarbeidet om programmet «Ny nordisk mat» har skapt auka interesse for utvikling av lokal og regional mat og matkultur, for regional utvikling og verdiskaping og for profilering av nordisk mat og matkultur både nasjonalt og internasjonalt. Programmet er no inne i sin andre periode gjennom Ny nordisk mat II (2010 – 2014), som arbeider for å styrkje dei nordiske mattradisjonane og dei nordiske fortrinna i matproduksjonen. Frå norsk side legg ein stor vekt på mat til mange og kvardagsmaten, som òg skal fremje helse og velver. Innsatsen vil bli retta mot heile verdikjeda og skal mellom anna framheve nordisk matkultur for å fremje turisme og eksport av mat.

NordGen

Det nordiske samarbeidet om genressursar for landbruket er samordna og lagt under Nordisk genressurssenter (NordGen). NordGen har ei viktig oppgåve i å bevare genmateriale som kan bli viktig for matproduksjonen og mattryggleiken i framtida, og det er knytt til meir spesifikke forhold, som dei forventade klimaendringane, som fører til at den biologiske produksjon må gå føre

seg under andre vekstforhold enn no. NordGen har ansvaret for drifta av frølageret på Svalbard (Svalbard Global Seed Vault) gjennom ein eigen avtale mellom Landbruks- og matdepartementet, Global Crop Diversity og NordGen. Frølageret på Svalbard inneheldt i mai 2012 meir enn 747 000 frøprøvar av jordbruksvekster frå mange land, som er deponerte for sikker langtidslagring i frøkvelvet.

NordGen er òg ansvarleg for sekretariatet for eit internasjonalt råd for frøkvelvet. Rådet har som oppgåve å følgje med på drifta og gje råd til Landbruks- og matdepartementet. Det ligg til rette for auka nordisk innsats i planteforedlingsarbeidet. Eit privat-offentleg partnerskap med nordiske selskap og offentlege lærestader om frøforedlingsprosjekt for utvalde vekstslag er godt i gang, med sekretariat i NordGen. Det starta opp i 2011 med prosjekt innan korn og fôrvekstar, som er prioriterte vekstar sett frå norsk side.

NordGen samarbeider òg med Vavilov-instituttet i St Petersburg, mellom anna om å få tilgang til frøprøvar som instituttet samla inn i førre hundreåret. I 2012 vil NordGen starte eit samarbeid med instituttet om å undersøkje variasjonen i samlingane samanlikna med dei opphavlege naturlege populasjonane.

Skogbruk

Det nordiske samarbeidet om skogbruk har politisk sett vorte viktigare i dei seinare åra. Det er svært god nordisk nytte i samarbeidet om skogbruk. I dei nordiske landa står ein overfor ganske like utfordringar, som mellom anna er knytte til bioenergi og klima.

5.7 Økonomi- og finanspolitikk

Hovudmåla med nordisk samarbeid på det økonomiske og finansielle området er høg og berekraftig vekst i produksjon og sysselsetjing, låg arbeidsløyse og låg og stabil prisstiging. Samarbeidet skal vidare fremje nordiske interesser internasjonalt. EU-saker har høg prioritet. Samarbeid og informasjonsutveksling om skattespørsmål er òg eit fast innslag på finansministarmøta. Vidare er det venta at arbeidet med å avvikle grensehinder mellom dei nordiske landa framleis kjem til å utgjere ein viktig del.

I åra framover vil ei aldrande befolkning leggje auka press på offentlege finansar. For å møte denne demografiske utfordringa legg alle dei nordiske landa stor vekt på høg yrkesdeltaking og på

å styrkje statens formuesposisjon. Dette speglar seg i ein aktiv arbeidsmarknads- og sysselsetjingspolitikk, pensjonsreformer og målsetjingar om vedvarande budsjettoverskot for offentleg sektor.

Det nordiske samarbeidet mot skatteparadis har vore ein suksess og har resultert i at dei nordiske landa hittil har inngått bilaterale avtarar om informasjonsutveksling med tretti jurisdiksjonar. Det er vedteke at prosjektet skal forlengjast til utgangen av 2012. Prosjektet har fått mykje positiv merksemd, og Norden ligg på toppen når det gjeld inngådde avtarar med land som OECD har klassifisert som skatteparadis.

Det nordiske økonomiske tidsskriftet «Nordic Policy Review» har kome ut sidan 2010. Tidsskriftet kjem to gonger i året og tek opp økonomisk-politiske spørsmål frå eit nordisk perspektiv. I samband med utgjevingane blir det arrangert eit fagseminar om emna som er tekne opp i tidsskriftet. Det er vedteke at den sjuande utgåva skal omhandle ungdomsarbeidsløyse og skal kome ut våren 2013. Nordisk ministerråd dekkjer delar av kostnadene med tidsskriftet. MR-Finans vurderer no framtida til tidsskriftet.

Nedbygging av grensehinder mellom dei nordiske landa er eit prioritert samarbeidsområde. Saker som har vorte drøfta, har m.a. omhandla den nordiske avtalen om dobbel skattlegging og oppfølging av rundebordsamtalen om moms på innførsel av anleggsmaskiner til og frå Noreg.

Samarbeidet på miljøøkonomiområdet blir vareteke av ei felles arbeidsgruppe under embetsmannskomiteen for miljø og embetsmannskomiteen for økonomi- og finanspolitikk. Gruppa er eit forum for faglege diskusjonar og gjev også høve for dei nordiske landa til å koordinere førebuingar til internasjonale møte. Gruppa har avslutta fleire prosjekt i 2011 og har fleire større prosjekt under planlegging og oppstart.

Dei nordiske finansministrane oppnemnde i februar 2012 ei arbeidsgruppe for mellom anna å vurdere ulike forhold ved dei komande kapital- og likviditetskrava for finansinstitusjonar, Basel III/CRD IV-regelverket, innføringa av dette i nasjonal rett og utsiktene for samarbeid mellom dei nordiske landa om gjennomføringa av det nye regelverket. Rapporten vart overlevert til dei nordiske finansministrane 13. juni 2012. Arbeidsgruppa viser til at finansmarknadene i Norden er svært integrerte, og at det både er mogeleg og ønskeleg å etablere eit nordisk samarbeid om dei nye kapital- og likviditetskrava i CRD IV.

Dei nordiske finansministrane handsama rapporten på eit nordisk finansministtermøte i Oslo 2. juli 2012. Finansministrane slutta seg til anbefalin-

gane frå arbeidsgruppa, og vart samde om å invitere dei nasjonale tilsynsmyndigheitene til å følgje opp rapporten.

Verksemda i Den nordiske investeringsbanken i 2011

Banken er eigd av dei nordiske og baltiske landa. Noreg eig 21,5 % av banken. Banken har til oppgåve å gje lån og stille garantiar til prosjekt som er av interesse for medlemslanda og andre land som tek imot slike finansielle tenester. Lån og garantiar skal gjevast på bankmessige vilkår og vere i samsvar med samfunnsøkonomiske omsyn. Låneaktivitetane omfattar m.a. investeringslån til verksemdar i to eller fleire medlemsland, finansiering av miljø- og infrastrukturinvesteringar, lån til regionalpolitiske kredittinstitusjonar, ordinære investeringslån utanfor Norden og prosjektinvesteringar til kredittverdige utviklingsland og land i Sentral- og Aust-Europa. Forvaltningskapitalen til banken var ved utgangen av 2011 på 23,8 milliardar euro eller om lag 180 milliardar kroner.

Banken hadde eit overskot på 194 millionar euro eller om lag 1,5 milliardar kroner for rekneskapsåret 2011, mot eit overskot på 211 millionar euro året før. Overskotet har samband med auka internasjonale renter og høgare marknadsverdi på bankens handelsportefølje. I 2011 vart det ikkje utbetalt utbytte til eigarane.

NIBs samla utlån og garantiar var ved utgangen av 2011 på 14,2 milliardar euro eller om lag 107 milliardar kroner, og av dette var utbetalingsane i 2011 på 1,3 milliardar euro.

Banken har eit formelt samarbeid med 38 land utanfor Norden og dei baltiske landa. Banken deltek òg i miljøfinansiering. I 2011 gjekk 31 % av innvilga lån til miljøprosjekt.

5.8 Sosial og helse

Ministerrådet for sosial- og helsepolitikk har i samarbeid med ministerrådet for arbeidsmarknad og arbeidsmiljø under formannskapsåret i 2012 lagt vekt på å kaste lys over ulike utfordringar dei nordiske velferdsstatane står overfor, og korleis ein kan møte desse utfordringane, gjennom å sjå på berekrafta til velferdsstaten og på korleis han fungerer, mellom anna korleis det offentlege kan løyse oppgåvene sine meir effektivt.

Den norske formannskapen ønskjer å styrkje det nordiske samarbeidet innanfor helse og velferd. Nordisk helsesamarbeid vart løfta fram under det nordiske statsministtermøtet i juni

2012. Dei fem nordiske statsministrane vart samde om å samarbeide tettare innanfor helse og mellom anna sjå på samarbeidet innanfor utprøving av nye behandlingsmetodar og legemiddel, samarbeid om høgspesialisert medisin og forskning på helse og velferd. Helseministrane i dei nordiske landa vil førebu konkrete forslag til vidareutvikling av helsesamarbeidet og rapportere om dette på det neste nordiske statsministermøtet i oktober 2012.

Nordisk samarbeid om testing av behandlingsmetodar og medisinar (kliniske multisenterstudiar)

Det er eit aukande press på innføring av nye, ofte dyre behandlingsmetodar og medikament i helse-tenesta. Enkelte gonger ligg det ikkje føre tilstrekkeleg vitskapleg dokumentasjon om effekt, tryggleik og kostnadseffektivitet av behandlinga til å ta avgjerder om kva behandling pasientane bør få tilbod om. Den beste måten å få testa ut om ein ny behandlingsmetode er effektiv og sikker, er å gjennomføre ein vitskapleg studie på store pasientpopulasjonar. For mange sjukdommar vil det ta mange år å rekruttere nok pasientar til ein klinisk studie i eitt land, og difor vert kliniske studiar køyrde parallelt på mange sjukehus og i fleire land – såkalla kliniske multisenterstudiar.

Det er særskilt behov for å auke omfanget av studiar på områder som ikkje er prioriterte av industrien (sjeldne sjukdommar, samanlikning av ulike behandlingalternativ, dyre medikament mv.). I tillegg er det behov for å leggje betre til rette for industrifinansierte studiar i Norden, både for å sikre pasientane tilgang til ny behandling og for næringsutvikling.

Eit nordisk samarbeid, basert på eit befolkningsgrunnlag på 25 millionar, vil gje raskare og sikrare grunnlag på kortare tid. Samarbeidet vil gje betre kvalitet, pasienttryggleik og helse og vil gjere det mogeleg å gjennomføre studiar på sjeldne sjukdommar og bidra til å auke talet på kliniske studiar i Norden.

Forslag om samarbeid om slik testing er behandla fleire gonger i embetsmannskomiteen for sosial- og helsespørsmål under Nordisk ministerråd, og det vart formelt vedteke på minister rådsmøtet for helseministrane i juni i år.

Nordisk samarbeid om høgspesialisert medisin

Føremålet med eit nordisk samarbeid om høgspesialisert medisin er å sikre høgare kvalitet i høg-

spesialiserte tenester enn det det enkelte landet kan oppnå kvar for seg. Dette er spesielt viktig ved nye og kostnadskrevjande behandlingsformer der pasientgrunnlaget er lite i kvart land, der det er behov for høgspesialisert kompetanse, og der investeringane ofte er svært store.

Kunnskap og erfaring må delast for å sikre at pasientar i Norden oppnår best mogeleg høgspesialisert behandling. Viktige tiltak kan vere hospiteringsordningar mellom nasjonale tenester i dei nordiske landa, forpliktande samarbeid om planlegging, innføring av nye høgspesialiserte tenester og eit system for fornya vurdering i eit anna nordisk land. Samarbeidet kan utviklast til også å omfatte enkelte høgspesialiserte behandlingstilbad på nordisk nivå, slik at ein kan sikre god kvalitet, pasienttryggleik og kostnadseffektivitet.

Det er allereie etablert ei eiga arbeidsgruppe under embetsmannskomiteen for sosial- og helsespørsmål for å sjå på om det kan organiserast eit tettare samarbeid i Norden om høgspesialisert medisin.

Innovasjon i helse- og omsorgstenesta

Den demografiske utviklinga fører til at det i åra framover blir relativt fleire eldre og færre i arbeidsfør alder til å pleie dei. Lik tilgang til likeverdige helse-, omsorgs- og velferdsstenester må framleis vere ein av berejklane i den nordiske velferdsmodellen. Hjelpemiddel og ny teknologi kan gje nye utsikter til eit meir sjølvstendig og meningsfylt liv for personar med nedsett funksjonsevne. Det er behov for eit nærmare samarbeid mellom offentlege styresmakter, næringsliv, forskning og utvikling når det gjeld å finne nye løysingar på omsorgs- og velferdsutfordringane i framtida. Vi viser til NOU 2011: 11 Innovasjon i omsorg, der det vert kartlagt eit behov for å tenkje nytt om organisering og samarbeid mellom ulike sektorar for å møte omsorgsutfordringane i framtida. Nye innovative løysingar oppstår ofte i eit samarbeid mellom ulike faggrupper og på tvers av ulike sektorar. Samarbeid mellom offentlege styresmakter, næringsliv, forskning og utvikling for å finne nye løysingar på omsorgsutfordringar i framtida vil vere eit av temaa som skal behandlast i stortingsmeldinga om innovasjon i omsorg, som skal leggjast fram våren 2013. Vidare er IKT eit sentralt verktøy for å oppnå betre kvalitet i helse-, velferds- og omsorgssektoren. Noreg har under formannskapet sin føreslått eit nordisk samarbeid for å drøfte løysingar på omsorgs- og velferdsutfordringane i framtida.

Nordisk samarbeid om demensforskning

Eit NordForsk-støtta forskarnettverk, «The Nordic Network in Dementia Diagnostics», arbeider for å auke kunnskapen om årsakene til demens. Ei multidisiplinær gruppe som er sett saman av ni forskargrupper frå fem nordiske land og Litauen, samarbeider om å harmonisere diagnostiske arbeidsmetodar og bidra til tidlegare og betre diagnostisering av sjukdommen. Noreg har òg ein nasjonal plan for demensomsorg, Demensplan 2015 «Den gode dagen». I regi av Demensplan 2015 er det mellom anna sett i gang eit nordisk samarbeidsprosjekt om utvikling av teknologiske hjelpemiddel for yngre personar med demens.

Kvalitetsindikatorer

Noreg har delteke i arbeidet med å utarbeide felles nordiske kvalitetsindikatorar for helsesektoren og teke initiativ til å vidareføre det nordiske samarbeidet om pasienttryggleik og kvalitet. Noreg har òg føreslått eit samarbeid om tiltak som kan fremje pasienttryggleikskultur og læringskultur både i og utanfor sjukehus. I tillegg vil vi føreslå tiltak for å rekruttere og behalde tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

E-helse

Nordisk ministerråd bad i 2010 dei nordiske helsedepartementa om å utnemne deltakarar til ei felles arbeidsgruppe innanfor e-helse, Nordisk e-helseforum. Sekretariatet for mandatperioden fram til mai 2013 er lagt til Helsedirektoratet i Noreg. Forumet skal vere ein arena for utveksling av felles utfordringar og strategiar blant landa og har lagt spesiell vekt på arbeid for å kartlegge og samanlikne bruk av IT i helsesektoren i landa.

Alkohol

Dei nordiske sosial- og helseministrane samarbeider om alkoholpolitiske spørsmål i internasjonale organ. Det er særleg overfor Verdas helseorganisasjon og EU det er etablert eit slikt samarbeid. Det er sett ned ei nordisk tenestemannsgruppe for alkoholpolitisk samarbeid til å organisere det praktiske samarbeidet.

Det er sett i gang eit omfattande arbeid rundt oppfølginga av EUs alkoholstrategi, og det blir arbeidd på nordisk plan for å sikre oppfølging også etter at strategien vert avslutta i 2012. Verdas

helseforsamling vedtok i 2010 ein global strategi for å redusere skadeleg bruk av alkohol. Det nordiske samarbeidet var viktig i framkant av dette vedtaket, og det er òg ein viktig kanal i oppfølginga av strategien. Vidare knyter det seg eit kontinuerleg samarbeid til partnerskapen for helse og livskvalitet under Den nordlege dimensjonen, der det mellom anna er ei eiga ekspertgruppe for alkoholskadar.

Narkotika

Nordisk narkotikaforum, eit uformelt nordisk samarbeid på embetsnivå, vart arrangert i Helsingfors august 2011. Nordisk narkotikaforum vil òg framover ha fokus på å utvikle den erfaringsutvekslinga og dialogen som finn stad på det årlege møtet i forumet og mellom møta. I august 2012 er Noreg vertskap for Nordisk narkotikaforum. Utfordringar knytte til Internett, grensekontroll, doping og overdosar er tema.

Helseberedskapssamarbeid

Dei nordiske landa har lang tradisjon for samarbeid om helseberedskap. Den nordiske helseberedskapsavtalen frå 2002 dannar den formelle ramma. Dette nabosamarbeidet har vore til god nytte ved fleire høve, seinast 22. juli 2011 og i tida etter. Det vert samarbeidd om førebygging, varsling, gjennomføring av redningsarbeid og andre tiltak, rapportering, evaluering, kommunikasjon og informasjonsutveksling. Det er utarbeidd retningslinjer med rutinar og samarbeidsprosedyrar.

22. juli 2011 vart det nordiske helseberedskapssamarbeidet sett på prøve. Noreg fikk tilbod om hjelp frå fleire nordiske land i den akutte fasen, og då norske ambulanseressursar vart flytta frå Østfold inn mot Oslo, vart Østfold dekkja opp frå Sverige med ambulansar frå Bohuslän. Ekspertar frå dei nordiske landa har òg delteke i evalueringa av innsatsen til helsesektoren 22. juli 2011 og i tida etter. Det vart øvd på samarbeidet hausten 2011 i to store feltøvingar, Skag Ex 11 og Barents Rescue 11.

Utsette barn og unge

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet medverkar til at barneperspektivet vert vareteke gjennom det nordiske samarbeidsprogrammet på området. Det nordiske ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) vedtok i juni 2010 at prosjektmidlane i sektoren i 2011/2012 særleg skulle brukast på området tidleg førebyggjande

innsats for familiar med risiko for sosial marginalisering. Det skal arrangerast ein sluttkonferanse for prosjektet 3. og 4. desember 2012 i Stockholm.

Under den norske formannskapen vert det i år, innanfor ramma av MR-S, sett i gang eit nytt prosjekt, «Robuste familiar i Norden». Føremålet er å utarbeide ein kunnskapsstatus og å kartlegge tiltak i Norden som kan førebyggje og løyse konfliktar i familiar mellom anna i samband med samlivsbrot, slik at barna ikkje tek skade.

Internnordiske trygdespørsmål

Nye forordningar på trygdeområdet tok til å gjelde i EU frå 1. mai 2010 og i EØS frå 1. juni 2012. Det vart difor nødvendig med ein ny nordisk konvensjon om trygd som var tilpassa dei nye forordningane. Sjølv om hovuddelen av det nordiske trygdesamarbeidet er direkte regulert av EØS-reglane, er konvensjonen svært viktig for å få med Færøyane og Grønland, som ikkje er med i EU eller EØS, i det nordiske trygdesamarbeidet.

Konvensjonen vart undertekna av dei nordiske sosial- og helseministrane på ministermøtet i juni 2012 og skal godkjennast av Stortinget og parlamenta i dei andre nordiske landa. Det er venta at konvensjonen kan tre i kraft i 2013.

Universell utforming

I tråd med det norske formannskapsprogrammet for 2012 har Noreg sett i gang arbeidet med å utarbeide og fremje ein strategi for universell utforming for Nordisk ministerråd. Arbeidet skal sjåast i samband med revideringa av NMR-strategien for berekraftig utvikling og ny strategi for sosial- og helseområdet.

Familienettverk

Nordisk familiepolitisk nettverk (NOFAM) hadde sitt første møte våren 2012 i Stockholm. Familiepolitikken er ein sentral del av den nordiske velferdsmodellen som i dei seinare åra har fått aukande internasjonal merksemd. Forskjellane mellom dei nordiske landa er ikkje større enn at det gjev stort utbytte å lære på tvers av landa og å drøfte ulike utformingar av tiltak forholdsvis konkret. Hausten 2012 planlegg nettverket å arrangere eit forskar- og debattmøte under Nordisk råds sesjon i Helsingfors om politikken når det gjelder kontantstøtte/ «vårnadsbidrag» til familiar med små barn.

Nordens velferdssenter

Nordens velferdssenter (NVC) med hovudkontor i Stockholm og dotterinstitusjonar i Danmark (utdanningssenter for døvblindepersonale) og i Finland (nordisk senter for alkohol- og narkotikaforskning) er ein institusjon under Nordisk ministerråd, sosial- og helsesektoren. NVC er eit hovudorgan for ministerrådet for å fremje det velferdspolitiske området i Norden og nærområda. NVC samlar og samanliknar erfaringar frå dei nordiske landa om velferdspolitikk og arbeider for å framstille ulike sider og stimulere utviklinga av velferdsmodellane i dei nordiske landa. Særleg viktig er arbeidet for å fremje inkludering av utsette grupper, likestilling, sosial solidaritet og tilgjenge og kvalitet i tenesteproduksjonen på velferdsområdet.

Frå januar 2012 har NVC teke over ansvaret for Norden i Fokus, som styrkjer informasjons- og formidlingsdelen i NVC.

I 2012 er det eit særleg fokus på familiepolitikk og oppvekstvilkår innanfor velferdspolitikken, på FN-konvensjonen, sekretariatsfunksjonen for Nordisk handikappolitisk råd innanfor funksjonshemmaområdet, mellom anna døvblinde, auka bruk av velferdsteknologi for inkludering av funksjonshemma og arbeidsinkludering av unge, funksjonshemma og eldre. Nordisk handikappolitisk råd vart evaluert i 2009, med oppfølging av ei arbeidsgruppe for å konkretisere tiltak. Forslaga er no vurderte, og det vert lagt opp til visse endringar som inneber at rådet blir eit fagleg råd, medan NVC fortsatt vil fungere som sekretariat.

Nordisk samarbeid om sosial- og helsestatistikk

Nordisk sosialstatistisk komité (NOSOSKO) og Nordisk medisinalstatistisk komité (NOMESKO) samlar inn viktig statistikk på det helse- og velferdspolitiske området for dei nordiske landa. NOSOSKO har dei siste åra òg arbeidd med tema som ungdomsarbeidsløyse og velferdsindikatorar for å kaste lys over viktige sider ved den nordiske velferdsmodellen. I 2012 er sekretariatet for NOSOSKO og NOMESKO flytt til Statens serumsinstitut i København.

5.9 Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø

Utvikling av helse og velferd i dei nordiske landa handlar òg om verdiskaping og fordeling. Det er lagt vekt på å fokusere på aktiv aldring og nedbyg-

ging av grensehinder og på å legge forholda til rette slik at flest mogeleg får både høve og motivasjon til å bli verande i arbeid, i tillegg til at dei som er i ferd med å falle ut av arbeidslivet, vert trekte inn att, og at dei som ikkje er i arbeid, får seg jobb.

Ministerrådet for arbeidsliv har òg i 2012 arbeidd med utgangspunkt i programmet for samarbeidet i Nordisk ministerråd på arbeidslivsområdet 2009/2012. Med basis i samarbeidsprogrammet har sektorprogrammet for arbeidsliv for 2012 som vart lagt fram av den norske formannskapen, prioritert arbeidet med eit inkluderande arbeidsliv og innsatsen i dei nordiske landa for å sikre høg sysselsetjing og låg arbeidsløyse. Eit meir inkluderande arbeidsliv skal tilby arbeid for dei som kan og vil arbeide, og bidra til sosial inkludering. Formannskapsprogrammet har òg fokus på å bidra til å styrkje yrkesaktiviteten blant eldre.

Ein viktig føresetnad for å nå målet om eit inkluderande arbeidsliv er at arbeidsforhold og arbeidsmiljø bidreg til god helse og arbeidsevne for den enkelte gjennom heile yrkeslivet. Den norske formannskapen skal hausten 2012 arrangere ein nordisk konferanse som skal bidra til erfaringsutveksling mellom dei nordiske landa om kva tiltak som gjev god effekt for å sikre eit meir inkluderande arbeidsliv og motverke utstøying av vanskelegstilte og utsette grupper i arbeidslivet. Arrangementet skal gjennomførast som eit samarbeid mellom ministerrådet for arbeidsliv og ministerrådet for sosial- og helsepolitikk og som ledd i det norske trepartssamarbeidet i samband med avtalen om eit inkluderande arbeidsliv.

2012 har vore EU-året for aktiv aldring. For å rette auka fokus på eldres deltaking i arbeidslivet også i Norden skal den norske formannskapen arrangere ein nordisk konferanse hausten 2012 som skal bidra til den samla kunnskapsutvekslinga på dette området. Arrangementet skal gjennomførast som eit samarbeid mellom ministerrådet for arbeidsliv og ministerrådet for sosial- og helsepolitikk.

Ministerrådet for arbeidsliv har ansvaret for to globaliseringsprosjekt knytte til helse og velferd som vil bli avslutta i andre halvdel av 2012. Det eine prosjektet ser på mønster for migrasjon, arbeidsvilkår og rekrutteringspraksis for arbeidsinnvandrarar frå Sentral- og Aust-Europa til dei nordiske landa. Det andre prosjektet tek opp spørsmålet om korleis arbeidslivspolitikken kan bidra til å styrkje utsiktene til at dei nordiske landa kan dra nytte av nye økonomiske vekstområde.

Som formannskapsland har Noreg i 2012 leidd arbeidet med revisjon og utarbeiding av eit forslag

til nytt fireårsprogram for Nordisk ministerråds samarbeid på arbeidslivsområdet for 2013–2016. Samarbeidsprogrammet skal ferdigbehandlast i organa i ministerrådet og leggjast fram på sesjonen i Nordisk råd hausten 2012.

Den norske formannskapen har hatt eit godt samarbeid med «partane i Norden», Nordens Faglige Samorganisasjon (NFS) og Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO). Sistnemnde har under den norske formannskapen koordinert arbeidsgjevarorganisasjonane i dei nordiske landa inn mot ministerrådet. Dei fleste konferansane og arrangementa som er haldne eller skal haldast, vert gjennomførte i samarbeid med dei to organisasjonane. Forslag til nytt fireårig samarbeidsprogram er òg lagt fram for dei to organisasjonane til uttale.

Arbeidskraftmobilitet i Norden

Det er ein lang tradisjon for nordisk samarbeid på arbeidslivsområdet. Dette omfattar både det formelle samarbeidet i Nordisk ministerråd og i Nordisk råd, og det uformelle samarbeidet mellom landa. Eit viktig mål med dette samarbeidet er å leggje til rette for gode forhold for arbeidskraftmobilitet i Norden. Høg mobilitet er i første rekkje eit gode for den enkelte som er på leiting etter ny jobb, og for arbeidsgjevaren som kan nyttiggjere seg arbeidstakaren. Men det vil òg vere til nytte for landa, både dei som opplever høg arbeidsløyse, og dei som opplever mangel på arbeidskraft.

I Noreg har etterspørselen etter arbeidskraft gjennomgåande halde seg høgare enn i dei andre nordiske landa etter finanskrisa. Den høge etterspørselen etter arbeidskraft har bidrege til store straumar av arbeidskraft til Noreg. Desse straumane kjem først og fremst frå Polen, Litauen og Sverige.

I 2011 var det ei nettoinnvandring frå nordiske land til Noreg på moderate 4 600 personar. Det utgjorde knappe 10 prosent av den samla nettoinnvandringa det året. Blant dei nordiske landa kom mange frå Sverige (62 %) og Island (24 %), medan det kom færre frå Danmark og få frå Finland. Bruttostraumane er langt større, då nordiske borgarar ofte har kortare opphald enn personar som kjem frå fjernare land. Vel 15 % av den samla brutto innvandringa i 2011 kom frå dei nordiske landa.

Pendling og korttidsopphald utgjer ein stor del av arbeidskraftstraumen mellom nordiske land. Ved utgangen av 2011 var det 28 000 sysselsette frå nordiske land på korttidsopphald i Noreg.

Omfanget er redusert med 1 prosent det siste året. Sysselsette på korttidsopphald frå nordiske land utgjør berre 1 prosent av den samla sysselsetjinga, men 40 prosent av alle på korttidsopphald.

5.10 Ernæring og mattryggleik

Ministerrådet for fiskeri, havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) og ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) sin handlingsplan for betre helse og livskvalitet gjennom mat og fysisk aktivitet inneheld visjonar fram til 2021.

Eit viktig tiltak i handlingsplanen er å utvikle eit felles nordisk system for å monitorere kostvanar, fysisk aktivitet og overvekt i Norden. Dette er viktig for å kunne følgje utviklinga over tid og samanlikne stoda i dei nordiske landa. Det er gjennomført ei nullpunktmåling blant barn og vaksne i alle land i 2011. Ei rekkje resultat frå denne målinga vart lagde fram på den nordiske ernæringskongressen på Island i juni 2012 og på sommarmøtet for MR-FJLS 2012. Resultat frå dette systemet skal m.a. brukast til å vurdere effekten av politiske tiltak opp mot mål og visjonar i handlingsplanen. Ein felles nordisk monitoreringsmetode kan gje eit viktig bidrag til arbeidet i EU og WHO og påverke planlegginga i EU på området.

Noreg, Sverige og Danmark innførte den felles nordiske ernæringsmerkeordninga «Nøkkelholet» som ei felles frivillig merkeordning for sunne matvarer i 2009. Denne ordninga var ei vidareutvikling av den svenske merkeordninga som hadde vore i bruk i Sverige sidan 1989. Det er utarbeidd felles kriterium for bruk av merket. Dei tre landa har samarbeida tett om mellom anna kommunikasjon rundt ordninga: bodskap, brosjyremateriell og undersøkingar om kjennskap til ordninga. Arbeidet med revidering av kriteria starta opp i 2011. Det er sett i gang eit arbeid for å vurdere om nøkkelholordninga kan innførast i serveringsmarknaden her i Noreg. I Danmark og Sverige fins det allereie slike ordningar. Island vurderer no å slutte seg til ordninga.

Arbeidet med å revidere dei nordiske næringsstofftilrådingane (NNR) frå 2004 vart sett i gang i 2008 og er no i ein slutfase. NNR dannar grunnlag for arbeidet med ernæringsspørsmål i Norden. Forslag til nye tilrådingar vart presenterte ved den tiande nordiske ernæringskonferansen i Reykjavik i juni 2012, og etter ein høyringsrunde er

planen å ferdigstille tilrådingane i løpet av hausten 2012.

Det felles veterinære beredskapssamarbeidet i Norden har framleis høg prioritet. Målsetjinga er å styrkje beredskapen i dei nordiske og baltiske landa på dyrehelseområdet. Samarbeidet har brei deltaking frå dei nordiske og dei baltiske landa. I 2010 vart arbeidet utvida til å femne om Austersjøregionen innanfor rammene av EUs austersjøstrategi, og hausten 2011 vart det gjennomført ei nordisk-baltisk beredskapsøving med deltaking frå veterinærstyresmaktene i Norden og dei baltiske landa. Målet med øvinga var å teste og trene beredskapen ved utbrot av alvorlege smittsame husdyrsjukdomar.

Nordisk samarbeid om tilsyn på matområdet er eit område med stor nordisk nytte. Den tiande tilsynskonferansen med ca. 250 deltakarar frå dei nordiske tilsynsstyresmaktene vart gjennomført i Finland i februar 2012 med temaet «Hygienpakett og fleksibilitet». Den norske formannskapet i 2012 har òg satt tilsyn med dyrevelferd på dagsordenen, og det skal gjennomførast ein nordisk konferanse om dette temaet i løpet av hausten 2012.

Gjennom EØS-avtalen er det etablert eit omfattande harmonisert regelverk på matområdet, blant anna for mat, dyr og innsatsvarer. Mattryggleiksområdet er omfatta av EØS-avtalen, og det er etablert omfattande EØS-regelverk for mellom anna for næringsmiddelhygiene, merking av mat, tilsetjingsstoff og grenseverdiar av ei rekkje uønskte stoff i mat. Det nordiske samarbeidet kan vere ein viktig samarbeidskanal når det gjeld både utvikling av regelverk og tilsyn og handheving av regelverket.

5.11 Likestilling mellom kjønna

Noreg har som formannskapsland for det likestillingspolitiske samarbeidet i Norden i 2012 lagt fram ein omfattande tiltaksplan som er ei konkretisering av det fleirårige nordiske samarbeidsprogrammet «Likestilling skapar eit berekraftig samfunn 2011-2014». Samarbeidsprogrammet prioriterer for det første integreringa av eit kjønns- og likestillingsperspektiv i dei ulike aktivitetane i Nordisk ministerråd og for det andre aktiv involvering av gutar og menn i innsatsen for eit meir likestilt samfunn.

- Kjønnintegrering: For å fremje kjønnsintegrering har formannskapet mellom anna etablert eit samarbeid med utdannings- og forskingssektoren. Det er sett i gang ei kartlegging av

kjønnsbalanse i nordisk forskning, og resultata skal leggjast fram på eit seminar i 2012.

- Involvering av gutar og menn i eit likestilt Norden: Universitetet i Oslo var i slutten av mai 2012 vert for ein vellukka nordisk konferanse om menn, likestilling og livskvalitet med 170 deltakarar. Denne femte nordiske konferansen om menn og maskulinitet bidrog til å styrkje forskingsfeltet og den nordiske debatten. Det vart arrangert ein paneldebatt med representantar for regjeringane i dei nordiske landa om menn og likestilling. Som grunnlag for debatten vart det offentleggjort ei policyoversikt over tiltak i Norden om likestilling med særleg relevans for menn.

NIKK (Nordisk institutt for kunnskap om kjønn) vart ved inngangen til 2012 lagt ned som sjølvstendig nordisk institusjon. Omorganiseringa frigjer midlar til ei sterkare satsing på utviklingsprosjekt innanfor det nordiske likestillingssamarbeidet. Delar av funksjonane som låg under NIKK, vil bli vidareførte, og det er i denne samanhengen gjennomført ein tilbodsrunde for å finne ein vertsinstitusjon som kan drifte desse funksjonane. Det er venta at det nye NIKK skal starte opp hausten 2012.

Behovet for å utvikle eit nordisk samarbeid om mangfaldspolitikkk står sentralt i det norske formannskapsprogrammet. Det same ønsket har òg kome frå Nordisk råd i form av ei tilråding. Noreg har i 2012 lagt til rette for ein diskusjon om desse spørsmåla i Nordisk ministerråd.

Den norske formannskapen har som ledd i det nordisk-baltiske samarbeidet på likestillingsområdet arrangert ein rundebordskonferanse om kjønn og media i samarbeid med Litauen. På konferansen vart det òg gjort greie for europeiske tiltak ved European Institute for Gender Equality i relasjon til dei nordiske og baltiske erfaringane.

Internasjonalt har det nordiske samarbeidet for likestilling markert seg med nordiske sidearrangement i samband med møte i FN's kvinnekommisjon i New York og på FN-konferansen Rio+20 om berekraftig utvikling i Brasil.

5.12 Justissektoren

Det nordiske lovsamarbeidet blir drive fram gjennom kontinuerleg innsats for å utveksle informasjon og erfaringar om lovgjevingssamarbeid og for å tilpasse og revidere lovgjevinga med sikte på størst mogeleg samanfall. Som ledd i arbeidet med å fremje nordisk rettslikskap i samband med

gjennomføringa av fellesskapsrettsakter er det utarbeid ein promemoria som gjer greie for korleis og i kva samanhengar det vert samarbeidd for å få til like reglar i Norden.

Også når det gjeld utlevering av lovbrutarar, er det eit tett samarbeid mellom dei nordiske landa. Utlevering av lovbrutarar mellom dei nordiske landa er i dag regulert av felles nordisk lovgjeving. Lov om pågriping og overlevering for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre vart vedteken som lov januar 2012. Lova er m.a. basert på konvensjon om nordisk arrestordre. Ho vil bli sett delvis i kraft 16. oktober 2012 og vil då avløse den felles nordiske utleveringslovgjevinga.

Det er gjort ei utgreiing om overføring av personar som er dømde til samfunnsstraff, til soning i eit anna nordisk land, og Justis- og beredskapsdepartementet jobbar vidare med råda frå denne utgreiinga.

Det nordiske politisamarbeidet er under utvikling og vert til ein viss grad påverka av prosessar og initiativ i EU. Det er ein naturleg konsekvens av at tre av dei nordiske landa er medlemmer i EU, medan Island og Noreg står utanfor. Mellom anna vil den såkalla Prüm-avtalen, som no er ein del av EU-regelverket, vere grunnlaget for nye tiltak innanfor nordisk politisamarbeid.

I kampen mot organisert kriminalitet i dei nordiske landa, ikkje minst tjuverikriminalitet og narkotikalovbrot som er knytte til kriminelle gruppeingar frå andre europeiske land, står det nordiske politisamarbeidet sentralt. Rikspolitisjefane rapporterte om forslaga sine til det nordiske justisministermøtet i juni 2012. Forslaga er konsentrerte rundt fem punkt som, når dei er sette ut i livet, vil bidra til å styrkje samarbeidet mellom politiet i dei nordiske landa i kampen mot organisert kriminalitet. Dette samarbeidet gjer dessutan dei nordiske landa betre i stand til å oppfylle pliktene som følgjer av EU-regelverket om politisamarbeid og kamp mot kriminalitet.

Samfunnstryggleik

Det er aukande politisk merksemd om nordisk samarbeid på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Haga-erklæringa har til føremål å finne felles overordna område av interesse som kan utviklast og styrkjast, eller område som ein kan gå saman om innanfor det internasjonale beredskapssamarbeidet i EU, NATO eller FN. Dei nordiske landa har felles og overgripande mål, som styrking av evna i dei nordiske landa til å førebyggje og redusere konsekvensar av større ulykker, naturkatastrofar og andre samfunnskri-

ser. Denne målsetjinga vert konkretisert gjennom fellesnordiske prosjekt og fokusområde innan beredskap. Prosessen med utvikling av det nordiske samarbeidet innanfor samfunnstryggleik og beredskap har med Haga-erklæringa vore positiv og ført til større merksemd rundt nordisk samarbeid på beredskapsområdet. Samarbeidet er styrkt, mellom anna på områda redningstjeneste, øving og utdanning, kriseportalar og bruk av frivillige.

Noreg har sidan juni 2009 hatt formannskapet i det nordiske redningssamarbeidet NORDRED. NORDRED byggjer på ein rammeavtale mellom Danmark, Finland, Sverige, Island og Noreg om samarbeid over territorialgrensene for å hindre eller avgrense skader på menneske, eigedom eller miljøet ved ulykker. Avtalen skal komplettere andre nordiske multilaterale eller bilaterale avtalar på området. Noreg har i formannskapsperioden (2009/2012) mellom anna følgd opp avgjerda frå ministermøtet i april 2009 om at det skal vurderast alternativ for vidareutvikling av NORDRED-arbeidet, mellom anna spørsmålet om dette arbeidet kan utvidast til å omfatte samfunnstryggleik og beredskap i vidare forstand. Arbeidet var gjennomført i tilknytning til prosjektet EU-Cross Border. Noreg arrangerer NORDRED-konferansen, som er lagd til Stavanger i september 2012. Sverige overtek formannskapet i NORDRED for perioden 2012/2015.

5.13 Flyktningar og migrasjon

Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå for flyktningsspørsmål (NSHF) er eit uformelt diskusjonsforum for flyktning-, innvandrings- og integreringsspørsmål. Justis- og beredskapsdepartementet har hovudansvaret for denne gruppa på norsk side. Det finst for tida to arbeidsgrupper under NSHF: ei om retur og tilbakevending og ei om gjenbusetjing. Det nordiske samarbeidet er viktig for norske innvandringsstyresmakter. Det opnar for informasjonsutveksling og for å diskutere problemstillingar som er av felles interesse for dei nordiske landa, og byr i tillegg på uformell informasjon om møte og prosessar i EU som Noreg elles ikkje har tilgang til. Det er jamleg diskusjon om spørsmål knytte til EU-regelverket.

Det eksisterer òg eit uformelt samarbeid på lågare nivå om integreringspolitikk. Frå Noregs side er det Integrerings- og mangfaldsdirektoratet som administrerer dette samarbeidet. Frå 1968 har det vore eit nordisk samarbeid om felles statsborgarreglar for nordiske borgarar. Kvart år er

det nordiske embetsmannsmøte der Barne- og likestillingsdepartementet deltek.

I Nordisk utlendingsutval deltek toppleiarane for utlendingsdirektorata i dei nordiske landa. Gruppa har historisk bakgrunn i den nordiske passkontrollavtalen og skal ta opp praktiske spørsmål av felles nordisk interesse. Utlendingsdirektoratet (UDI) har hovudansvaret på norsk side.

5.14 Administrasjon og forvaltning

I Nordisk forvaltningspolitisk forum har departementa med ansvar for forvaltningspolitikken i dei nordiske landa årlege møte for å utveksle erfaringar og diskutere aktuelle saker. Leiinga av forumet følgjer formannskapet i Nordisk ministerråd, og i 2012 går vervet altså til Noreg.

Datatilsynet deltek årleg på møte på saksbehandlarnivå mellom dei nordiske landa for å få innspel om kva styresmaktene i dei andre nordiske landa er opptekne av, i tillegg til erfaringsutveksling. Møta er òg gode arenaer for å utvikle kontaktnett.

Statsbygg deltek i eit samarbeid mellom dei ulike statlege byggherrane og eigedomsforvaltarane i Norden. Tema som har vorte diskuterte i den seinare tida, er mellom anna organisering av den statlege byggje- og eigedomsverksemda, bruk av bygningsinformasjonsmodellar (BIM) og utvikling av internasjonale standardar for desse modellane, risikostyring, forvaltning av kulturhistoriske eigedommar og kulturmiljø og universell utforming.

Det er oppretta ei nordisk arbeidsgruppe som skal samarbeide om energispørsmål og energibruk. Det er òg etablert eit eige nordisk kontaktutval for utanlandseigedomar i nært samarbeid med utanrikstenesta i dei nordiske landa. I dette kontaktutvalet vert det utveksla erfaringar med bygging og forvaltning av utanlandseigedomane, mellom anna eventuell samlokalisering av ambassadar for dei nordiske landa, tryggleik, etikk, miljø- og energispørsmål mv.

5.15 Fiskeri og fangst

Det norske formannskapsprogrammet innanfor fiskeri og havbruk har som ambisjon å vise fram nordiske samarbeidstradisjonar, grunnlaget for samarbeid om havressursforvaltning og nyskapande industriell verksemd og å bidra til nordiske plattformer for profilering av sjømatnæringa i Norden. Vi ønskjer òg å utvikle det nordiske nettver-

ket som kanal for dialog og utvikling av verdiskaping, forskning, utdanning og kultur.

Formannskapsprogrammet er lagt opp med stor tematisk breidde.

- Marin innovasjon og nyskaping (Oslo 26. januar). Det marine innovasjonsprogrammet vert gjennomført av Nordisk Innovasjon i samarbeid med nasjonale finansieringsinstitusjonar for å støtte opp om nordiske innovasjonsprosjekt i marin sektor. Den norske formannskapet var medarrangør av oppstartskonferansen.

I samband med Austersjøstrategien gjennomførte Nordisk ministerråd 20-21. mars 2012 ein konferanse med tittelen «Sustainable production and use of biomass for bioenergy». Føremålet med konferansen var å skape tverrsektoriell forankring og eigarskap for det vidare arbeidet og engasjere relevante aktørar frå styresmakter, forskingsmiljøet og næringsliv.

- Levande kystkultur (Bergen 7-8. juni). Kystkulturen er viktig for å utvikle næringsverksemd som turisme, utelivsnæring og opplevingsindustri. Programmet har fokus på kystkultur og fisk, sjømattradisjonar og ny nordisk mat.
- Langesund-konferansen (3. august). Arrangement om samarbeid i Skagerrak for forvaltarar, forskarar og private organisasjonar med felles interesser i området.
- Samarbeid om marin infrastruktur og datamateriale (Bergen, september). Samarbeidet om utnytting av kostbar infrastruktur (m.a. forskingsfartøy) må aukast, og tilgangen må gjerast attraktiv for internasjonale toppforskarar. Det skal arrangerast eit seminar i tilknytning til den årlege vitenskapskonferansen i Det internasjonale havforskningsrådet (ICES) 17-19. september.
- Seminar om grøn vekst – også på havet (Trondheim, 27-28. juni). Arrangert i tilknytning til det årlege møtet mellom dei nordiske ministrane for fiskeri, jordbruk, næringsmidlar og skogbruk. Berekraftig utvikling, mattryggleik og grøn vekst er nokre av dei mest presserande globale utfordringane dei nordiske landa står overfor. Seminaret var basert på initiativet frå statsministrane om grøn vekst.
- Journalistseminar på Hurtigruta (19-21. oktober) om havrelaterte problemstillingar og fiskeri- og havbruksspørsmål. Innhaldet er sentrert om tema i formannskapsprogrammet.
- Fiskeripolitikk i endring – kva skjer i Norden (Tromsø 22-24. oktober). Konferansen er hovudarrangementet under formannskapet og

skal gjere greie for korleis endringar i rammevilkåra for næringsverksemd påverkar grunnlaget for dialog og samarbeid mellom dei nordiske landa.

- Fiskeripolitikk og sjøtryggleik (Tromsø 24-25. oktober). Konferansen skal ha fokus på status for tryggleik i fiskeflåten, nasjonale strategiar for sikkerhet i fiskeflåten, rammevilkår for HMS-arbeid og resultat frå forskingsprosjekt. Konferansen vert arrangert i samband med konferansen om fiskeripolitikk i endring.

5.16 Frivillig sektor

Nyare forskning om sosial kapital viser at dei nordiske landa skårar høgt i internasjonale samanlikningar. Kjenneteikn ved Noreg og Norden er sterke og levande sivilsamfunn, høg grad av tillit til samfunnsinstitusjonane og høg grad av tillit mellom menneske. Forsking viser vidare at Noreg har fått større grad av tillit dei siste 30 åra. Dette skjer parallelt med urbanisering, sekularisering og auka etnisk mangfald. Forskinga viser òg at innvandrarbefolkninga i Noreg deltek aktivt i dugnad og frivillig innsats.

Å styrkje kunnskap og forskning om frivillig sektor er ein av hovudstrategiane til regjeringa i politikken for det frivillige arbeidet. Forskingsprogrammet «Virtuelt senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor» må sjåast i denne samanhengen. Måla for forskingsprogrammet er å auke kunnskapen om verdien frivillig sektor har for samfunnet, bidra til å utvikle ein heilskapleg statleg politikk for det frivillige arbeidet og å styrkje frivillig sektor gjennom auka forskingsbasert kunnskap. Det finn stad eit nordisk forskningssamarbeid på området frivillig samarbeid. Aktuelle tema er å sjå nærare på likskapar og forskjellar mellom dei nordiske landa.

5.17 Forbrukarpolitikk

I samband med at ministerrådet for forbrukarspørsmål vart lagt ned frå 1. januar 2006, vedtok forbrukarministrane å vidareføre samarbeidet på uformelt plan og å etablere embetsmannsgruppa for nordisk samarbeid på forbrukarområdet (NordKons). Samarbeidet i NordKons er avgrensa til informasjons- og erfaringsutveksling. I tillegg finst det eit nettverk for informasjonsutveksling mellom ulike aktørar som arbeider med forbrukarspørsmål.

Noreg har sidan 2010 delteke i eit samarbeid mellom nordiske land og Estland om å gjennomføre eit måldokument om forbrukarundervising (TemaNord 2010: 567).

5.18 Samferdsel

Transportsektoren er ikkje med i det formaliserte nordiske regjeringssamarbeidet, men det er framleis viktig å diskutere aktuelle transportpolitiske problemstillingar og å ta vare på det gode nettverket som er etablert mellom dei nordiske landa. Det nordiske regjeringssamarbeidet i transportsektoren legg vekt på å fremje effektiv, konkurransekraftig, sikker og miljøvennleg transport og trafikk i Norden og nærområda. Det er særleg fokus på område der landa har felles problemstillingar. I tillegg er det lagt vekt på at samarbeidet skal fremje den politiske debatten og vere eit forum for erfaringsutveksling. Samarbeidet har medverka til ei positiv utvikling i dei nordiske landa.

EØS-spørsmål har fått stadig større merksemd, og samarbeidet har mellom anna teke sikte på å påverke transportpolitikken i EU i retning av Den nordlege dimensjonen. Dei seinare åra har det vore lagt vekt på auka samarbeid med dei baltiske landa. Innanfor ramma av den noverande samarbeidsmodellen skal det haldast eitt møte i året mellom dei nordisk-baltiske transportministrane. I tillegg møtest dei nordiske og baltiske transportministrane før transportrådsmøta i EU.

EasyGo

EasyGo er eit samarbeid om bompengeneinnkreving mellom Noreg, Sverige og Danmark. EasyGo gjer det mogeleg for både privatbilar og yrkestransportørar å køyre med ei og same brikke (t.d. AutoPASS-brikka) gjennom alle bompengeanlegg i Skandinavia, i tillegg til mange ferjesamband mellom Danmark, Sverige og Tyskland. Denne løysinga er teken godt imot blant trafikantane og har samtidig gjort innkrevjinga frå utanlandske trafikantar meir effektiv. Bruken av tenesta har auka jamt sidan oppstarten i 2007, og samla er det sendt over ein milliard kroner i grensekryssande transaksjonar. Månadleg går det om lag 150 000 passeringar gjennom dette systemet. Det vert no arbeidd med å innlemme Austerrike i EasyGo-samarbeidet. Suksessen med EasyGo og den føreståande utvidinga gjer dette til eit referanseprosjekt i europeisk samanheng.

Prosjektet Svinesundsambandet

Ved riksgrensa mellom Noreg og Sverige på Svinesund er det skapt eit svært godt samarbeid over landegrensene gjennom prosjektet «Svinesundsambandet». Svinesundsambandet strekkjer seg frå Nordby i Sverige til Svingensbogen i Noreg. Det omfattar to kilometer ny motorveg på svensk side, 4,3 kilometer ny motorveg på norsk side og ei 700 meter lang bru mellom dei. Riksgrensa er òg EU-grense, og det er bygd tollstasjonar på begge sider. I tillegg er det betalingsstasjonar ved både ny og gammal bru. Prosjektet er finansiert med bompengar på både svensk og norsk side. Det har vore ein jamn auke i trafikken sidan oppstarten. I 2011 var det 6,9 millionar køyretøy som passerte bomstasjonane, dvs. ein årsdøgntrafikk på rundt 18 900.

Programmet for transeuropeiske transportnettverk (TEN-T)

I september 2010 leverte dei nordiske og baltiske transportministrane ei felleserklæring om tilslutning til EU-forslaget om innretting av ny politikk for nettverket, med innspel til kva sentrale infrastructurelement som bør vere ein del av dette. Hovudtrekket i den nye politikken er at det vert innført eit prioritert nettverk, eit såkalla basisnettverk. Erklæringa var ei vidareføring av tidlegare felles fråsegner der hovudbodskapen har vore mellom anna kor viktig det er for land med store avstandar, som ligg i utkanten av Europa å ha god tilgang til marknadene, at det bør leggjast stor vekt på tilførselen til, og samanhengen mellom, hovudårane i kjernenettet, og at TEN-T bør utvidast til naboland.

Barents European-Arctic Transport Area (BEATA)

Noreg har formannskapet i arbeidsgruppa for transport under Barentssamarbeidet fram til hausten 2013. Det viktigaste tiltaket i arbeidsplanen er å utarbeide ein felles plan for utviklinga av transportinfrastruktur i Barentsområdet. Noreg og Sverige har nyleg gjennomført studiar av transportbehova i nordområda, og Finland skal gjennomføre ein tilsvarande studie i 2013. På russisk side er det òg føderale planar for transportsystemet som er relevante. Det ligg likevel ikkje føre noko felles dokument som samanliknar aktuelle planar på tvers av landegrensene i nord. I regi av BEATA er det difor føreslått å setje ned ei ekspertarbeitsgruppe, med representantar frå transportetatane i Noreg, Sverige, Finland og Russland,

som skal utarbeide eit forslag til felles plan i Barentsområdet. Planen skal omhandle alle transportformene. Gjennom planarbeidet skal det klargjast kva transportbehovet er på mellomlang (10–15 år) og lang (30 år) sikt. Ein felles plan skal leggjast fram i løpet av første halvår 2013.

Samarbeidet med nabolanda våre, og deira behov og prioriteringar, betyr mykje også for utviklinga av transportsystemet på norsk side. For å sjå nasjonale og internasjonale behov og optimalisere moglegheitene er nær kontakt med styresmakter og transportbrukarar i desse landa nødvendig i det vidare arbeidet. I alle tre nabolanda er det utvikla strategiar eller konkrete planar for satsing i transportsektoren i nord.

Prioriteringar i nabolanda betyr òg mykje for utviklinga av transportsystemet på norsk side. For å sjå nasjonale og internasjonale planar i samanheng er det behov for nær kontakt med styresmakter og transportbrukarar i desse landa framover. I alle tre nabolanda ligg det føre strategiar eller konkrete planar for satsingar i nord, og dette vil bli ein viktig del av ein felles transportplan for Barentsområdet, jf. kap. 3.4.

Svensk-norsk samarbeid for elektrifisering av vegtransport

I 2009 sette den norske og den svenske regjeringa ned ei felles arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å leggje til rette for felles ladeinfrastruktur for ladbare bilar i Noreg og Sverige. Arbeidsgruppa består av svenske og norske etatar som Vegdirektoratet med Transnova, NVE, DSB, Trafikverket, Transportstyrelsen, Energimarknadsinspektionen og Energimyndigheten. Arbeidsgruppa arbeider mellom anna med felles skilting/merking av ladepunkt, overvaking av teknologiutvikling, standardiserings- og tryggleiksspørsmål og felles utrulling av ladepunkt.

Marknadstilgang for vegtransport mellom dei nordiske landa er dekt opp av EØS-avtalen når det gjeld buss og lastebil. For drosje er det inngått ein bilateral avtale mellom Noreg og Sverige som opnar for grensekryssande drosjetransport på gjensidig basis. Avtalen tredde i kraft 5. november 2010.

Beredskap

Det går føre seg eit nordisk samarbeid om beredskap og krisehandtering på området veg og vegtransport. Sverige, Finland, Færøyane og Noreg er med. Det blir arrangert ein serie fellesøvingar, «Bordercrossing», mellom Statens vegvesen og

det svenske Trafikverket. Desse øvingane dekkjer heile riksgrensa frå Østfold til Finnmark.

Luftfart

Rapport om framtida for det skandinaviske luftfartssamarbeidet

Ei arbeidsgruppe har utarbeidd ein rapport om framtida for det skandinaviske luftfartssamarbeidet på oppdrag frå Samferdselsdepartementet, det svenske Näringsdepartementet og den danske Trafikstyrelsen.

Bakgrunnen for rapporten var at føresetnadene for samarbeidet har endra seg i lys av den liberaliseringa av luftfartspolitikken som har funne stad, i tillegg til at SAS ikkje lenger har fortrinnsrett og monopolstilling. Tradisjonelt har det skandinaviske samarbeidet vore basert på like luftfartsrettar og moglegheiter for flyselskapa i dei tre landa, men utviklinga i EU på luftfartsområdet, saman med at dei tre skandinaviske landa har hatt ulik tilknytning til EU, har påverka samarbeidet. Danske og svenske styresmakter har i stadig større grad brukt ressursane sine på saksområdet på EU-samarbeidet, samtidig som dei i stor grad får dekt behova sine ved at EU forhandlar internasjonale avtalar på vegner av EU-landa. Norge må difor søkje å etablere tilsvarende avtalar på eiga hand. Dette gjev ulike konkurranseforhold for flyselskap frå dei tre landa inntil Noreg sikrar seg tilsvarende rettår.

Ein førebels rapport har vore på høyring hjå skandinaviske flyselskap. Høyringsfråsegnene gjev brei støtte til det skandinaviske luftfartssamarbeidet og støttar òg opp om at forskjellane i konkurransevilkåra må jamnast ut. Føremålet med rapporten er å leggje fram konkrete forslag til tiltak som kan bidra til effektivisering av samarbeidet ved å sikre ei raskare harmonisering av avtalesituasjonen etter kvart som EU forhandlar fram avtalar med tredjeland.

Gjennomføringa av «Eit felles europeisk luftrom» – North European Functional Airspace Block (NEFAB)

Lovgjevingspakka «Felles europeisk luftrom I» medfører at det vert fastsett felleseuropeiske ytingskrav til utøvarar av flysikrings- og lufttrafikktjenester. Det vil særleg dreie seg om krav til tryggleik, kostnadseffektivitet, kapasitet og miljøeffektar. Eit av verktøya som skal bidra til å oppfylle desse ytingskrava, er opprettinga av såkalla funksjonelle luftromsblokker. Det vil seie grenseoverskridande samarbeid om bruken og organiseringa av luftrommet over fleire land.

Noreg samarbeider med Estland, Finland og Latvia om å opprette ei slik luftromsblokk – North European Functional Airspace Block (NEFAB). Avtalen om å opprette NEFAB vart underteikna 4. juni 2012. Luftromsblokka vert etter forholda vurdert som fordelaktig, og ho ser ut til å oppfylle dei formelle krava i lovgjevingspakka «Felles europeisk luftrom II» i ein innleiande fase. Men det er sterkt ønskeleg å integrere denne luftromsblokka og den dansk-svenske luftromsblokka. I fortalen til avtalen vert det mellom anna framheva kor viktig det er å oppretthalde det tette samarbeidet med Island, Danmark og Sverige, i tillegg til ein visjon om ei mogeleg framtidig konsolidering av det nordisk-baltiske luftrommet. NEFAB-avtalen skal leggjast fram for Stortinget som ei eiga sak.

Opphavleg deltok òg Danmark, Island og Sverige i NEFAB-samarbeidet. Ein forsøker inntil vidare å løyse samarbeidsbehovet med desse landa mellom anna gjennom ein avtale mellom dei statlege utøvarane av flysikringstenester i alle dei sju landa. Det er òg etablert eit nærare samarbeid mellom dei statlege tilsynsstyresmaktene i dei sju landa. Danmark og Sverige har oppretta ei separat luftromsblokk.

5.19 Samar og nasjonale minoritetar

Ministrane med ansvar for samiske saker i Finland, Noreg og Sverige og sametingspresidentane i desse landa har sidan 2000 hatt årlege møte. Føremålet er å styrkje og utvikle samefolkets språk, kultur, næringar og samfunnsliv.

Nordisk samisk språkpris, Gollegiella, skal delast ut for femte gongen hausten 2012. Prisen har som føremål å bidra til å fremje, utvikle og bevare det samiske språket i Noreg, Sverige, Finland og Russland. Språkprisen er på 15 000 euro og vert delt ut annakvart år.

Arbeidet med nordisk samekonvensjon har vorte førebudd gjennom det nordiske samarbeidet om samiske saker. På fellesmøtet mellom sametingspresidentane og ministrane for samiske saker i Stockholm hausten 2010 vart det vedteke å gå i gang med forhandlingar om ein nordisk samekonvensjon. Forhandlingane vart starta i mars 2011, og målsetjinga er at forhandlingane skal vere slutførte innan fem år. Den norske forhandlingsdelegasjonen har fem medlemmer. Leiaren og to medlemmer er utnemnde av regjeringa, medan to medlemmer er utnemnde etter forslag frå Sametin-

get. Sametinget skal konsulterast undervegs i forhandlingane. Utkastet til nordisk samekonvensjon vil danne ramma for forhandlingane. Konvensjonsutkastet vart utarbeidd av ei nordisk ekspertgruppe på bakgrunn av dei internasjonale instrumenta dei tre landa er bundne av, og tek utgangspunkt i at samane er urfolk i Finland, Sverige og Noreg.

Samisk parlamentarisk råd (SPR) er samarbeidsorganet mellom sametinga i Finland, Noreg og Sverige. Samane i Russland har permanent deltaking i rådet. Rådet er viktig for å utvikle det grenseoverskridande samarbeidet og for å styrkje det internasjonale samarbeidet urfolk imellom og mellom urfolk og styresmaktene og andre aktørar. Samekonferansen og Samerådet har spela ei viktig rolle i den samepolitiske utviklinga sidan dei vart oppretta. Neste samekonferanse skal heldast i 2013.

Nordisk arbeidsgruppe for nasjonale minoritetar blei oppretta på embetsmannsnivå mellom departementa i Sverige, Finland og Noreg som har ansvaret for gjennomføringa av Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar og Europarådspakta for region- og minoritetspråk.

5.20 Nordisk strategi for berekraftig utvikling

Den nordiske strategien for berekraftig utvikling er eit tverrsektorielt styringsdokument for Nordisk ministerråd. Nordisk ministerråd skal gjennom nordisk samarbeid prioritere tema, prosessar og prosjekt som fremjar ei berekraftig utvikling.

Den første nordiske strategien for berekraftig utvikling tredde i kraft i 2001. Erklæringa har vorte revidert kvart fjerde år, sist i 2008. Den fjerde samnordiske strategien for berekraftig utvikling skal truleg vedtakast innan utgangen av 2012. Strategien legg vekt på område der Norden har felles interesser og utfordringar, der det finst særleg gode føresetnader for å bidra til berekraftig utvikling, og der det nordiske samarbeidet skaper en meirverdi gjennom kompetanseutvikling og meir effektiv ressursbruk.

Måla for strategien innanfor prioriterte område er i tråd med initiativet frå dei nordiske statsministrane om grøn vekst. Den nordiske strategien kan òg fungere som utgangspunkt for felles innspel i internasjonale fora innanfor berekraftig utvikling.

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet 28. september 2012 om Nordisk samarbeid vert send Stortinget.

Vedlegg 1**Samanstilling av budsjetta for 2013¹ og 2012
(2012-prisar, i tusen danske kroner)**

	Budsjett 2013	Budsjett 2012	Endr.
Prioriteringsbudsjett	80 000	0	
Kultur	169 972	169 972	0,0 %
Fiskeri, jord, skog og næringsmiddel	40 551	40 551	0,0 %
Likestilling	8 957	8 957	0,0 %
Utdanning, forskning	235 093	235 093	0,0 %
Sosialpolitikk	39 810	39 810	0,0 %
Næring, energi og regional	122 546	121 546	0,8 %
Miljø	44 586	44 586	0,0 %
Arbeidsliv	13 727	13 527	1,5 %
Finanspolitikk	1 822	1 822	0,0 %
Lov	1 393	1 393	0,0 %
Nabopolitikk	93 774	95 147	-1,4 %
NMRS	79 220	79 220	0,0 %
NMRs fellesaktivitetar	30 021	37 570	-20,1 %
Globaliseringsinitiativ	0	72 278	
Totalt	961 472	961 472	0,0 %

¹ Generalsekretærens forslag pr. 1. juni 2012

Vedlegg 2**Forslag fremja under debatten om grensehinder
i Stortinget 24.4.2012**

Dei 5 første med støtte fra A, H, KrF, Sp, Frp, SV, V.

Forslag 1

Det henstilles til regjeringen å vurdere medvirkning til opprettelse av en nordisk ombudsmann i regi av Nordisk ministerråd som nordiske borgere kan henvende seg til når de møter problemer (grensehindringer) forårsaket av forskjellig forvaltningspraksis i de nordiske landene.

Forslag 2

Det henstilles til regjeringen å vurdere nye lovforslag ut fra om de skaper grensehindringer i Norden.

Forslag 3

Det henstilles til regjeringen å vurdere å etablere en forenklet tollklarering av arbeidsmaskiner på korte og tidsavgrensede arbeidsoppdrag i landet. Ordningen bør medføre fritak for fortolling (momsdeklarasjon) av maskiner og utstyr ved innførsel, men kombineres med en registreringsordning ved grensepasseringen for å sikre myndighetenes kontrollbehov.

Forslag 4

Det henstilles til regjeringen å vurdere å finne en nordisk løsning for at yrkesutdannede i de nor-

diske land får rett til å arbeide i sine yrker i alle de nordiske landene på basis av sin nasjonale yrkesutdannelse.

Forslag 5.

Det henstilles til regjeringen å vurdere å finne en nordisk løsning for personer som bor i et nordisk land og arbeider i et annet og som rammes av yrkesskade eller lengre tids sykdom, slik at disse kan få rehabilitering nærmest bosted for derved unngå lange og belastende reiser til arbeidslandet som med dagens regler er ansvarlig for rehabilitering.

Fra stortingsrepresentant Foss (H)

Forslag 1. Det henstilles til regjeringen i samarbeid med de andre nordiske lands regjeringer å harmonisere reglene for studiestøtte, som i dag begrenses av nasjonale krav til statsborgerskap og botid, med sikte på å øke muligheten for landenes borgere til å studere fritt i Norden.

Forslag 2. Det henstilles til regjeringen å sørge for bedre og mer tilgjengelig informasjon om nordiske borgeres rett til å gjennomføre hele eller deler av videregående opplæring i et annet nordisk land.

Forslag 3. Det henstilles til regjeringen å tilrettelegge for raskere saksbehandling og lettere tilgjengelighet til skattekontorer for nordiske arbeidstakere som søker norsk D-nr for å få utbetalt lønn med normalt skattetrekk i Norge.

Vedlegg 3**Nordisk samarbeid. Nettstader**

Nordisk ministerråd	<i>www.norden.org/no/nordisk-ministerraad</i>
Nordisk råd	<i>www.norden.org/no/nordisk-raad</i>
Norsk formannskap i Nordisk ministerråd	<i>www.regjeringen.no/norden2012</i>
Nordisk Internettportal om trygdeyttingar i Norden	<i>www.nordsoc.org/sv/</i>
Nordisk skatteportal	<i>www.nordisketax.net</i>
Grensetenesta – Morokulien	<i>www.grensetjenesten.no</i>
Hallo Norden (informasjonstenesta til Nordisk ministerråd)	<i>www.norden.org/no/norden-for-deg</i>
Europaportalen	<i>www.regjeringen.no/europaportalen</i>
Nordiske grensehinder	<i>www.gransehinder.norden.org</i>
Foreningen Norden	<i>www.norden.no</i>

Vedlegg 4**Forkortingsregister**

BEG	Budgetexpertgruppen
EK-A	Embedsmandskomitéen for Arbejdsliv
EK-FINANS	Embedsmandskomitéen for Økonomi- og Finanspolitik
EK-FJLS	Embedsmandskomitéen for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
EK-JÄM	Embedsmandskomitéen for Ligestilling
EK-K	Embedsmandskomitéen for Kultur
EK-LOV	Embedsmandskomitéen for Lovsamarbejde
EK-M	Embedsmandskomitéen for Miljø
EK-NER	Embedsmandskomitéen for Erhvervs- og Energipolitik
EK-R	Embedsmandskomitéen for Regionalpolitik
EK-S	Embedsmandskomitéen for Social- og Helsepolitik
EK-U	Embedsmandskomitéen for Uddannelse og Forskning
ENS	Ekspertgruppem Nordens språkråd
FNF	Foreningerne Nordens Forbund
HØGUT	Styregruppen for nordisk samarbejde indenfor højere uddannelse
LOP	Lønns- og personalutvalget
MRA	Ministerrådet for Arbejdsliv
MR-FINANS	Ministerrådet for Økonomi- og Finanspolitik
MR-FJLS	Ministerrådet for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
MR-JÄM	Ministerrådet for Ligestilling
MR-K	Ministerrådet for Kultur
MR-LAG	Ministerrådet for Lovsamarbejde
MR-M	Ministerrådet for Miljø
MR-NER	Ministerrådet for Erhvervs, Energi- og Regionalpolitik
MR-S	Ministerrådet for Social- og Helsepolitik
MR-U	Ministerrådet for Uddannelse og Forskning
MR-SAM	Samarbejdsministrene
NAB	Nordiska rådgivande nämnden för energiinformation
NAD	Nordiska nämnden för alkohol- och drogforskning
NAF	Nordisk Arbejdsgruppe for Fiskeriforskning

NAI	Nordiska Afrikainstitutet
NAPA	Nordens Institut i Grønland
NAR	Nordisk amatørteaterråd
NDF	Nordiska Utvecklingsfonden
NEFCO	Nordic Environment Finance Cooperation (Nordiska miljöfinansieringsbolaget)
NEFP	Nordisk Energiforskning
NFS	Nordens Fackliga Samorganisation
NFTF	Nordisk Film- og TV-fond
NGB	Nordiska Genbanken
NGH	Nordisk Genbank Husdyr
NHR	Nordisk Handikappolitisk Råd
NHFØ	Nordens Hus på Færøerne
NHV	Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap
NIAS	Nordisk Institut for Asienstudier
NIB	Nordiska Investeringsbanken
NICe	Nordisk InnovationsCenter
NIFCA	Nordiska institutet för samtidskonst
NIFIN	Nordens Institut i Finland
NIFS	Nordisk institutt for sjørett
NIKK	Nordisk institutt for kunnskap om kjønn
NIOM	Nordisk institutt for odontologiske materialer
NIPÅ	Nordens institut på Åland
NIVA	Nordiska institutionen för vidareutbildning inom arbetsmiljøområdet
NKB	Nordisk kommitté för bioetik
NKF	Nordiska Konstförbundet
NKJ	Nordiskt Kontaktorgan för Jordbruksforskning
NKR	Nordkalottrådet
NKS	Nordisk kontakt om statsbyggeri
NKV	Nordisk kollegium for viltforskning
NMF	Nordiska Miljøudviklingsfonden
NMKL	Nordisk metodikkomité for næringsmidler
NMR	Nordisk Ministerråd
NOMESKO	Nordisk medicinalstatistikkomite
NOMUS	Nordiska Musikkommittén
NOPEF	Nordiska Projektexportfonden
NOP-HS	Nordiska publiceringskommittén för humanistiska och samhällsvetenskapliga –tidskrifter

NOPUS	Nordiska utbildningsprogrammet för utveckling av social service
NOR	Nordisk organ for reinforskning
NORA	Nordisk atlantsamarbejde
NORDA	Nordiskt samarbeide om teknisk akkreditering
NORDBUK	Nordisk Barn- og Ungdomskomite
NORDEX	Nordisk samarbeidskomite for offentlig tilsyn med brannfarlige og eksplosive varer
NORDFORSK	Nordisk forskningsråd
NORDICOM	Nordiskt informationscenter för medie- och kommunikationsforskning
NORDITA	Nordisk institut for teoretisk fysik
NORDKONS	Nordiskt konsumentsamarbejde
NORDREGIO	Nordic Centre for Spatial Development
NORDVULK	Nordisk vulkanologisk institut
NOREY	Nordens Hus i Reykjavik
NORMET	Samarbetsforum för nordisk metrologi (mätteknik)
NOS-HS	Nordiska samarbetsnämnden för humanistisk och samhällsvetenskaplig forskning
NOS-M	Nordiska samarbetsnämnden för medicinsk forskning
NOS-N	Nordisk samarbeidsnemnd for naturvitenskap
NOSOSKO	Nordisk socialstatistikkomite
NR	Nordisk Råd
NSfK	Nordisk samarbejdsråd for Kriminologi
NSFP	Nordisk Skovbrugs Frø- og Planteråd
NSH	Nordiska samarbetsorganet för handikappfrågor
NSHF	Nordisk samrådsgruppe på højt niveau for flygtningespørgsmål
NSI	Nordisk samisk institutt
NSK	Nordiska samarbetskommittén
NSS	Nordisk samarbeid innenfor skoleområdet
NSS	Nordiska kommittén för samordning av elektriska säkerhetsfrågor
NSU	Nordisk Sommeruniversitet
NTR	Nordiska träskyddsrådet
NTR	Nordiska tulladministrativa rådet
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale
NVC	Nordens Valfårdcenter
NVL	Nordisk nettverk for voksenes læring
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale
NUK	Nordiska ungdomskommittén

ODIN	Nordisk skolenet
SLEIPNIR	Rejsestipendieordning for unge kunstnere i Norden under 36 år
SNEIL	Sekretariatet för de nordiska energiinformationsbiblioteken
SNS	SamNordisk Skogsforskning
VALHALLA	Nordisk netværk for børne- og ungdomskultur

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Omslagsbilde: Christian L. Elgvin/tinagent

Trykk: 07 Xpress 09/2012

